SKODJE SOGELAG — ÅRSSKRIFT 1978

Byggingar av fiskebåtar,
trålarar, ferger,
laste og tankskip
opp til 6000 ton. d.w.

Reprasjoner og ombyggingar

6280 Syvikgrend
Telefon 071/13000-809
Telex 42319

ARSSKRIFT
for Skodje Sogelag 1978

5. årgang

I dette året hev styret for Skodje Sogelag granska dei mykje viktige næringsgreinene i bygdene, td. skogbruk og sagbruk, som frå eldre tider og fram til midten av dette hundraåret hev vore eit av dei viktige næringsdrifter i Skodje.

Så hev vi tekje med noko frå heime- og småindustri i Skodje. Det viser at folk hev vore flinke til å nytta tida.

Så er medtekje noko om «notlag» og notbruk som ei tid var mykje nytta av oppsitjarar som budde nær sjøen, og hadde bra attåt-næring av dette.

Skodje Sogelag vil takke alle som hev vore med og gjeve økonomisk stønad i 1978, og det er mange. Spesiell takk til Skodje kommune og til Skodje og Vatne Sparebank, som og føre rekneskapen for laget. Og takk til alle som hev gjeve oss verdfulle opplysningar av historisk art, om fortid og notid. Og takk til alle som tek annonser i våre årsskrift, og til Olgar Stenseth som hev vore vår medarbeidar.

Elias Fylling (form.) Ludvik Beite Louis Giske

Amund Midtlid Olav S. Svorte

Utgjevar Skodje Sogelag

Red. Elias Fylling

Innhald:

Side

Skogen i Skodje, og korleis den har vore nytta 3
Av E. Fylling

Om sagbruksdrift, og korleis den utvikla seg 21
Av E. Fylling

«...sognets fornemste herlighet...» 29
Av Louis Giske

Ferdslevegar i Skodje i frå eldre tid 33
Av E. Fylling

Vegsamband gjennom Vatne og Skodje til Ålesund 38
Av Bjarne Rekdal

Bygdevegar, gardsvegar og bruer 47
Av E. Fylling

Søndmøre Praktiske Landhusholdningsselskab 49
Av E. Fylling

Soldater mobilisert i 1759 og sendt til Danmark 50
Av E. Fylling

Frå krigsåra 1916–1917 52
Av E. Fylling

Vemøy 54
Av E. Fylling

Attåtnæring – Handverk – Fellestiltak – 1. del 58
Av L. Giske

Sildenotlag i Skodje 72
Av A. Midtlig og O. Stenseth

Peder Fyllings Stiftelse 82
Av E. Fylling

Kjelder:

Skogen i Skodje: Delvis herredsskogmesteren
Om sagbruksdrift: Jostein Valde, P. Valde, R. Øvstegård, Lars Digernes.
Ferdslevegar i Skodje: Kristofa Glomset, 94 år.
Vegsambandet gjennom Vatne og Skodje: Bjarne Rekdal, Molde.

Sunnmørspostens trykkeri

Skogen i Skodje, og korleis den har vore nytta

Det er truleg at det gjekk mange tusen år frå det at området Skodje var skogkledd, til den første busitjaren kom. Og det gjekk truleg like lang tid for innvandrarar å få råderetten, som for skogen. For alle busitjarar – frå den første til den siste – har skogen vore eit av dei viktigaste livsgrunnlag for alle.

Det første busitjaren trengte var brensel. Og det vart lagleg å finne i lang tid. Så trengte han husmaterialer til hus – og det fann han like ved.

Eit gode har vore at skogen i Skodje – frå første tid – har vore blandingsskog, av furu og bjørk. Og i lang tid var bjørkaskogen meir verd for busitjaren enn furuskogen. Og det så lenge det var natural-hushaldning. Av bjørka fekk busitjaren næver til tak på første hytta, og seinare på alle hus. Han laga ofte sko av næver til seg og sine, når ein ikkje hadde huder. Og seinare – når han kom så langt at han vart eigar av huder og skinn, så fann han på bjørka den bork han trengte til å barke huder og skinn med. Dertil var bein bjørk god til å lage reiskap av. Og sjølv om der var ein stor krok i rotenden på bjørka, kunne den vere mykje verd, om den høvde til *meg* på ein slede. Og lauv av bjørk var godt vinterfor for ku og sau, om lauvet vart hausta med det var grønt. Næver og bork vart seinare god salsvare, til dei som ikkje hadde bjørkaskog. Etter kvart som busetjinga auka – særleg på øyane – vart det større etterspørsel.

Av furu vart det i den første tid hogd mindre tre. Den var lettare å få fram til fjøre. Det vart brukt passande store og runde stokkar til bustadhus. Desse vart felt godt saman og lagt godt med mose til mellomlag slik at veggen vart tett.

Til takbord kløyvde dei granne, beine skoter og rydde med øks desse, så dei kunne nyttast på taket til å legge næver med torv der

opp på. Til golv i huset var i lang tid nytta hard-stampa mold (jord). Det vart elles tidleg hogd og omsett mykjeslike lange, granne furutre ukløyvd eller kløyvd, til ymse bruk.

Omkring 1500-talet vart det i Skottland og Holland mykje bruk for trelast. Det kom til Sunnmøre – Skodje – skip frå Holland for å kjøpe furu-rund last. Folk var mykje interesserte i å få handle. Dei kunne få byte i korn, salt, tyvare og anna. Og dei syntes dette var bra. Det gjekk mange skutelastar av rund-tømmer, for hollenderane saga det sjølve. Dei var lenger komne i teknikk der.

Omkring år 1530 vart den første oppgongsag kjend. Ideen kom frå Finland og Sverige, og den var brukbar. Dei bønder som hadde bra med furuskog og elv som kunne nyttast til drivkraft, dei bygde seg slik sag. Det var eigentleg berre odelsbønder som hadde rett å bygge sag, men det vart prøvt av leilendingar og. Det hende seinare at desse måtte rive ned saga.

Alle sageigarar måtte i 1603 betale to riksdalar i skatt + 10.de kvar bord dei saga. Dette vart mange pengar i skatt.

Sagbruk i Skodje 1603 (flaumsager).

Oluf Nedre-Skodje eigde sag i Nerskøyeelva – han skar det året 50 tyvter bord, betalte to riksdalar og fem tylvter bord.

Peder Bjørnson Abelvik eigde sag i Abelvikelva – han skar 25 tylvter, betalte to riksdalar i skatt og to og ein halv tyvt bord.

Ivar Olsen Skodje eigde sag – han skar 40 tyvter, betalte to riksdalar og fire tylvter bord.

Gurunn på Låum eigde sag – han skar 15 tylvter, betalte to riksdalar i skatt og ein og ein halv tylvt bord.

Størker Honningdal eigde sag – han skar 30 tylvter bord, betalte to riksdalar i skatt og tre tylvter bord.

Sagskatt i Skodje 1610–1611

Ivar Olsen – skar 15 tylvter, betalte to riksdalar i skatt og ein riksdalar og ein ort.

Ivar i Vågen og Anders Abelvik – skar 20 tylvter, betalte to riksdalar og ein riksdalar.

Oluf Sivertsen Fylling – skar 40 tylvter, betalte to riksdalar og tre riksdalar i sagbordskatt.

Oluf Olsen Honningdal – skar 50 tylvter, betalte to riksdalar og tre og ein halv riksdalar i sagskatt.

Oluf Nedre-Skodje skar 60 tylvter, betalte to riksdalar og 4 riksdalar i sagbordskatt.

Knut Stette – skar i året inkje, men betalte to riksdalar i sagskatt.

Sagskatt i Skodje 1624

Oluf Honningdal – skar 40 tylvter

Jon Glomset – skar 20 tylvter

Iver Olsen Skodje – skar 20 tylvter og av ein annan flaumsag 40 tylvter

Knut Stette – skar 20 tylvter

Oluf Engeset – skar 25 tylvter.

Alle betalte to og ein halv riksdalar pr. sag og 1 1/10 av saga bord.

I den første tid flaumsagene kom i gang, var det stor spurnad etter trelast, skåren og rundtømmer, og skogeigarane og brukarane ville gjerne få selja, sjølv om dei berre var leiglendingar. Dei levde *alle* under eit mykje sterkt skatte-press. Skattane var store og mange. Og på ein måte *måtte* dei prøve å få i pengar, og no var det på eit vis mogleg.

Vi skal her føre opp dei fleste av skattekrava:

1. Feskatt
2. Sagskatt
3. Kvernskatt
4. Koppskatt
5. Rosstenesteskatt
6. Odelsskatt
7. Leiglendingsskatt
8. Rytterskatt
9. Provianteringsskatt
10. Høyskatt
11. Hospitalskatt
12. Krigsutstyrskatt
13. Koparskatt
14. Drengeskatt
15. Munderingspengar
16. Utreiingspengar
17. Standkvarterpengar
18. Husmannsskatt
19. Skatt til Fredrikshalds by oppbygging.
20. Ekstraskatt, som alle personar over 12 år måtte betale 1 riksdaler, fattig eller rik, sterk eller sjuk.

21. Hungersåret 1711 vart det kravd Sko-skatt for nye sko.
22. I 1718 vart det prøvd med luksusskatt på kariolar, bærestolar, lystbåtar og parykkar. Men denne skatt fekk visst lite pengar i statskassa.
23. Så kom det pålegg om skatt av lik-kister, som var laga av eik. (Sjå årbok frå Gudbrandsdal.)

Det vart mykje politisk strid om sagbruksforholda. Embets- og forretningsfolk kravde at alle som ville bruke vannsag, og så omsette tømmer og trelast, skulle vere gard-eigar, handelsmann eller embetsmann.

Bøndene kravde at saging og omsetting av tømmer og trelast skulle vere fritt.

I 1683 fekk stathaldaren ordre om straks å kontrollere tømmer og trelasthandelen. Tømmersalget var ikkje «ønsket» for det gav ingen inntekter i statskassa.

Av sageigarane var 53 prosent embetsfolk, handelsmenn eller lensmenn. 47 prosent var bønder.

I 1687 fekk ein kommisjon i oppdrag å sjå etter forholda i sagbruksverksemda, og kome med forslag om nedlegging av sager. Antall sager skulle reduserast med 536 sager, og den årlege skur reduserast med 1,35 millionar bord. Dei resterande sager kunne sage 5 040 918 bord årleg. Dette var for heile landet.

Sagbruksreglementet av 1688 er eit av dei mest vidtgåande enkeltinngrep som har vore i norsk næringsliv.

Borgarane sigra – bøndene tapte.

Borgarane sitt privilegium vart rådande heilt til 1855. Dette vart eit tungt slag for bygdefolket.

Då den oppnemnde kommisjon av 1685 kom til Skodje for å granske sagbruka, så stansa dei først på Svorta og skreiv ned slik:

«Paa Sorte som eies av Prost Hiermann i Borgund, staar Saug som hidentil har været brugt. Vi granskede flittig paa Aastedet den 7. mai 1686 og befandtes det, at denne Saug har været brugt af dem i over 40 aar, uden at De dertil havde faaet eller havt nogen tillatelse af Hans Majestæt Kongen. Der befandtes ved Saugen liggende 9 tylvter Tømmer og ved Søen 3 tylvter, deriblandt 2 tylvter Saugtømmer. Det øvrige er af Ungskov, hvilket synes ubilligt, da det er hugget i Properitærs, Kirkens og Prestebolets Jordegods Skove, hvilket synes skadeligt og hvorfor De skyldige bør tiltales. Og vi, som nu befinde at disse Sameiere ingen rett haver dertil, men i høyeste Maade skadelig for den meget ulovlige Skovhugst som derved begaaes.

Vassag frå Skodje

Ti er den herved efter Loven avsagt at inden 14 dage at lade den nedkaste efter Straf og Tiltale.» (Etter tidsskrift S. H. lag).

(Det som truleg var hovudsaka, var at alle brukarane på Svorta, på denne tid var leiglendingar.)

Frå Svorta for dei til Honningdal. Her har dei skrive slik:

«Paa Honningdal grund har Ole Larsen Abelseth som eier og Bruger, staar en liden Flomsaug, hvilken en rum Tid har været brugt af Odelseierne. Dertil kan vel findes nogle ringe tjenlige Saugtømmer foruten Ungskov som med tiden kan tilvokse og kan skjære saavidt til Fornødenheds Brug, naar store Vandflommer er. Da dette er av liden betydning, vil der denne Saug bestaaende forblive, al den stund Ole Larsen Abelseth med Saugens brug undergiver sig Lov og Hans Kongl. Majestets Forordning.»

(Ein kan merke seg at Ole Larsen var handelsborgar i Honningdal.)

I Honningdal og Glomset sine skogar var i åra 1600–1700–1800 mykje svær skog, og denne har vore godt nytta.

Frå Honningdal reiste denne «kongelege kontroll-nemnd» til Dyrkorn og Ramstad, og der var ei flomsag på kvar stad. Desse fekk stå. For saga på Dyrkorn vart det grunngjeve at oppsitjarane trengte

den til å skjere likkistebord med. Frå Ramstad kom dei til Solnør og skriv slik:

«Solnør Saug som bruges av Mads Hansen og Ole Olsen i sammen paa Giske Godsgrunn har været brugt i over 80 aar, dog findes ei tjenligt Saugtømmer i Solnør Skov? men kan med tiden tilvokse. Har ikke svart skatt eller tiende til Hans Majestæt Kongen. Solnørs Saugs omliggende skove er ung veksterlig Skov, hvorfor Saugen inden 8 dage nedbrytes saasom den er til stor ruin og fordervelse.»

(Ein må vere merksam på at dei som var brukarar då av Solnør, var leigleningar.)

År 1691 selde amtmann Jonas Lillienskiold (som då var eigar av Solnør) eigedomane Solnør og Sorthe til lensmann Ole Lauritsen Abelset. 1) Det er forståeleg at denne nye eigar av Solnør – som var lensmann – ikkje trengte spørje nokon om løyve å bygge oppatt den «nedbrotne» flaumsaga, syte for at den kom i drift.

Hans Strøm skreiv i 1760 «at Solnør trolig har den bedste furuskog på hele Søndmør, og den ogsaa har en god Saug-mølle som drives av den forbirindende elv.»

Så det vart ikkje mange år Solnør var utan sag. (1) Det var Paul Olsen Abelset som bygde ny sag 1721).

Det gjekk lenger tid for Svorta-karane å bygge si sag oppatt. Ikkje før enn 1808 fekk Ole Chr. Sorthe kjøpe slektsgarden sin av Chr. Walin, Solnør. Ole Sorthe sende søknad til Amtmanden om løyve til å setje saga i stand, då dei hadde mykje hogstmoden furuskog i Svortagardane.

Det ser ut som det var ei vanskeleg sak for Amtmannen å handsame. Og ein lyt tru at ettersom resultatet av søknaden vart, så har Abelset-familien tidleg kome med i vurderinga. Og Abelset-familien var mektig. Men no når Svorta-mannen var sjølveigar, så hadde no han og eit rimeleg krav på byggeløyve av sag.

I brev av 18. januar 1817 frå Futen Landmark, fekk Svorta-karane lov å bygge si sag oppatt på desse vilkår:

«Det betales aarlig 1 1/2 tønde saabygg til Skodje Bygdemagasin og dertil aarlig 8 riksdaler til Solnør Sag.» (I høve konkurranse i næring).

Svorta sag var bygd i Jensvika. Og den var i bruk heilt til 1912. I 1911 var eg med og henta ein stove-material derfrå. Stova bygde vi på Roald. Det var lafta tømmer. Alt til veggar var berre siskore og 3" tjukt. Sagskuren var noko flisete, så det tok meir tid til handhøvling. Det var jamt penare sagskur frå cirkelsag.

I Brusdalen var ei flaumsag. Den stod i Ølsvika ved Brusdalsvatnet, nær garden Brusdal.

I Gytte-elva ved Fyllingsvatnet var ei flaumsag, truleg brukt av Iver Olsen, Skodje. Den var bygd på Skodjes grunn.

I Fyllingselva var ei flaumsag. Den var bygd ved Saghaugen og ved sagfossen, og var bygd av Oluf Sivertsen Fylling. Vi finn han ført berre ein gong som leverandør for utførsel. Oluf Engset er ført som sageigar år 1613–1614, og som leverandør for utførsel. Saga var bygd på Engset ved Saghaugen. Finn han ført berre eit år.

År 1679 vart denne saga – saman med to bruer og fleire kvernhus – tekne av storflaum i Engeset-elva. Men Saghaugen stend enno.

Tidbolken 1600 og 1700 var ei hard tid for folket i Skodje. Det var, som før skrive, mange og tunge skattar og avgifter, og bøndene visste inga råd med å skaffe pengar. Og attpå til vart dei passa på, så dei ikkje selde ulovleg tømmer og trelast. Det einaste dei hadde høve til å selje var brenneved, bork og næver, tjøre og trekol. Men ofte måtte dei langt til dals for å nytte dette. Armod og uår fekk dei og.

År 1602. Verste uår på manns minne.

«Den 14. september nedsneede kornavlingen paa Søndmøre, og sneen tøiede først op om vaaren. Kornet var paa de fleste steder umodent, og hvor man hadde begyndt at skjære, og hvor de hadde lagt igjen sine sigder paa agrene, fandt man disse igjen først om vaaren. Som en følge av dette blev overalt en stor sult og elendighet iblandt folk og fæ, især da korntilførslene fra Danmark var ringe, eftersom man da som sedvanlig var i Krig med Sverige. Her paa Søndmøre døde folk og fæ i hopetal av sult, og flere gaarde laa utilsaad i 3 aar derefter.» (P.Fylling)

1679. Dette året har fått namnet skadeåret. Januar, februar stort snøfall. 6. februar slo det brått om til mildver. Snøskreder gjekk særleg i Hjørundfjord, Sunnylven, Geiranger og Norddal. 20 gardar på Sunnmøre vart råka, og 130 menneskeliv strauk med.

I Skodje var det juledagsnatta særleg ille. Om dette skriv P. Fylling:

«I Skaue sogn borttages husene paa følgende gaarder: Store-Engeset, Erstad, Stette, Indreberg og i Vatne: Haavik, Tenfjord og Vatne.

1695. Dette aar laa gaarden Stige øde og ubeboet av mangel paa sædekorn, og opsidderne fraflyttede gaarden, formedelst armod og fattigdom.» (P. Fylling)

Frå 1603 gjekk det fort nedover med bøndene i Skodje – av grunn mange og tunge skattar. År 1603 er det ført 10 odelsgardar – sjølveigarar i Skodje.

År 1701 er det i folketellinga kome ned i 1 odelsgard, og den var på Brusdal. Og ein lensmann i Honningdal – odelsmann. Av brukarar med bygsel var år 1701–75 brukarar – leiglendingar. Av brukarar som legdsmenn – slike som måtte få noko hjelp – var det same året 15 stykker i Skodje. Av svoren,menn var det 8 stykker i 1701. Her var ein jegtebyggar frå Ekrol, Anders Pedersen Ekrol. Peder Fylling har skrive:

«Aar 1772 byggede Rasmus Arnesen Ekrol, en bondemann fra Skodje sogn, et skib nede ved sjøen paa Gaarden Nedre Skodje, som blev ført til Bergen og der tiltaklet og senere solgt til Eger King, Bergen.»

1701. Av brukarar som er ført som forhenverande soldatar var her 12 stykke.

Av tiggarar – utan plass – (jord) var her 6 stykke. Av døvstumme var her to og ein blind.

Det var mykje vanskelege forhold for folket i Skodje og det heldt seg til langt ut i det syttande århundre. Siste del av 1700 var det vanskeleg for handelsfolk og. Det svære og rike familiegodset Abelset fekk store sprekker. Christoffer Abelseth kjøpte i år 1724 Jørundfjord kirke med ei mengd kirkegods for 110 riksdalar. Same tid kjøpte han Ørskog kirke for 450 riksdalar og hermed mykje kirkegods. Så ervde han Ulstein kirke med kyrkjegods, og etter svogeren, Hans Møller, ervde han ein halvdel av Borgund kirke med ei mengd gardar.

Dotter til Christoffer Abelseth, Anne, vart gift 1778 med Jan Herman Høyrup. Dei byrja med handel på Abelset, men flytta til Stordalsholm og handla der. Dei hadde fått i arv mange gardar i Skodje.

Brukarane av desse gardane prøvde å nytte høvet å få kjøpe heimane sine. Og det lukkast for mange siste åra av 1700-talet. Nokon laga det seg ikkje for før tida 1800–1860.

I tida frå 1800–1814 og vidare er det ei merkbar betring for bøndene. Det vart større auke i bruk av trevirke i dei ytre distrikt av Sunnmøre, og dette prøvde Skodje-bygdarane å utnytte mest mogleg.

Omkring år 1860 fekk vi dei første cirkelsagene i bygdene. Dei gamle flaumsagene (oppgongsagene) var mange nedrotna eller fore-

lda. Så no vart det ei ny tid. Med cirkelsag vart det penare skur og betre trelast. Fleire av skogeigarene i Skodje tok til med bygging av cirkelsag der det vart bra med vasstilførsel. Dei bygde då ei gardsag, slik at dei evna å skjere vanleg bygningsmaterial til seg og andre som trengde sagskur. Ofte bygde dei saghuset så breidt at dei hadde to sagbenkar, ein for større tømmerskur, og ein for stavskur (tunnestav). Det vart skore mykje tunnestav – også som leigeskur.

Her i Skodje var det fleire skogeigarar (gardbrukarar) som i slutten av 1800-talet og langt fram i det 19-århundre hadde gode salsforbindelsar med båtbyggeri og skipsverft. Dei som hadde lang, pen skog med lite kvist, hadde ofte god høve å selje godt slik material. For slike var det ein stor fordel å ha lang sagbenk og med stort cirkelsagblad, så dei kunne sage hudplank, tjukke, lange stokkar til kjøltre og lange, pene tre til dekksplank. For slik material fekk dei ofte svært god betaling.

Frå 1860-åra og vidare til 1925–30 vart det i dei fleste gardbrukarheimar laga (kipra) mykje tunner om hausten og vinteren. Dei ordna seg så i kjellarane at dei kunne vere der.

Dette vart eit høveleg arbeid – innandørs – og det vart godt betalt. Fleire av desse hadde sikra seg avtakar i Ålesund.

Men for Skodje-bygderane var det ikkje vanskar, for handelsmann L. P. Fylling tok imot tynner for varer, heile hausten og vinteren. Det som ofte var vanskar med, var å få saga stor-materialane. Der det var nok vatn i elva, der var tidleg cirkelsag. Men det var mange som måtte greie seg med gode truskehjul – der dei kunne samle saman flaum-bekkar, for å kunne sage tunnestav.

Dei små stav-sagakslingane var det frå 1860-åra Oliver Skodje som laga – og det vart mange.

Mot 1930-åra vart det noko mindre kipring av tynner. Det vart då sendt meir (eksportert) isa fisk og sild i kasser – 90 l. store og 60 l trekasser. Til dette kunne brukast mindre god material, og ein fekk såleis nytta betre ut tømmeret. Dette vart og ein mykje god og nytta attåt-næring som bringa mykje pengar til bygdene i Skodje.

I 1930-åra vart elektrisk kraft ført fram til dei fleste heimar, denne krafta vart då nytta til drivkraft for sag, der ein ikkje hadde nok stabil vannføring til sag. Dette vart ein mykje god heimeindustri for den som hadde skog og sag sjølv.

Når ein fekk elektrisk kraft, kunne saghuset byggast på den mest høvelege staden for saging og levering. Og då vart det mange fleire enn før som skaffa seg cirkelsag. Dei som skar tynnestav eller kas-

sematerial, kunne bruke mykje mindre motorar enn dei som skar skipsmaterial eller bygningslast.

Det var mange andre tre-emne bøndene leverte av skogsvirke enn tømmer og trelast. Særleg var gardbrukarar og fiskarar frå Sunnmørs-øyane flittig å vitje bygdene i Skodje, for å tinge seg først og fremst husmaterialar eller naustmaterialar, men mange andre artiklar, t.d. hesjematerialar, gardstaur, lunnar i båtstøene, material til garn eller nothenge, ferdige sleder og vogner, eller berre meiar for sledar, der meiane var utslitt. Skifte meiar greidde dei bra sjølve, når sleden elles var god.

Frå 1855–60-åra vart det levert mange hus-materialar til stovehus, løebygningar, sjønaust, sjøbuder, nothenger, kaier og liknande. Det var særleg rundt Ålesund og på øyane der var kjøparar. Kjøparane kom innover i bygdene til Brusdal–Straumane–Svorta–Valle–Glomset–Skodje. Då kunne dei tinge seg stovehus ferdig opptimra i fjøra eller ved sagbruket, ferdig til merking og riving for henting midtsommar. Skodjebygdene var så heldige at der var mange mykje flinke tømmermenn som var spesialistar i dette faget. Det var ofte småbrukarar eller husmenn som budde i nærleiken. Dei såg gjerne at dei fekk sovore arbeid, når dei kunne få setje stova oppatt på den nye tunplassen og då fekk innreiingsarbeid og. Ofte vart det avtala at desse som var villig å tømre huset frå grunnen, fekk gjere arbeidet med å lage dører og vindu til dette. Det var ofte avtala på førehand og var godt vinterarbeid. I mai og juni månad såg ein mange slike ny-timra stovehus i fjøra eller ved saga. I tillegg til ei slik stove, var det ofte same leverandør hadde levering av material til ei stor løe, med timra fjøsar, eller eit eller to større naust for levering same sommar. Det var ein stor fordel for kjøparane, at når dei tinga seg hus-material, så kunne dei få seg sikra dyktige bygningsfolk. Denne omsetninga gav bra med pengar til bygdene.

Mange av desse skogeigarane hadde i 1890–1900 tala – noko forelda små hus sjølve. Men økonomien hadde vorte betre, og no vart det mange skogeigarar som fornya stovehusa sine. Dei selde gamlestova til bortflytting, og ofte fekk kjøparen lovnad på nok ny material til å stelle gamlestova med.

I dei åra kom det opp mange nye, store stovebygningar i Skodje. Mest alle skogeigarar i Skodje har sjølve drive fram det furutømmer som vart avvirka, og sjølve foredla det på eiga sag. På denne måten har dei fått den meste og beste utnyttelse av tømmeret. Nokre få unntak er det likevel.

År 1884, den 20. januar frå kl. 3 til kl. 10 kvelden raste det over Skodje og Sunnmøre ein voldsom orkan frå sør til sørvest og til nordvest. Den var uvanleg voldsom – ingen hadde sett slik storm. Orkanen gjorde voldsom skade i skogen til gardane Svorta, og slo ned halvdelen av skogen på Ole Kristensen Sorthes to bruk – Sorte og Sortevik. «Det var i Brokhaugene skaden var størst, og det område var regnet for at være den mest verdifulle del av Sorthes skog. Ogsaa skogen omkring Sortevandet og Sætermarken og heimeskjønnet var nesten totalskadet. Eieren anslo tømmermengden til ca. 4000 kbm.»

Det vart et voldsomt tap for eigaren, då det var umogleg å få fram så store mengder før det tok skade. Mykje måtte seljast slik det låg til underpris.

I Honningdal var det i 1880–90 drive ein stor hogst rotsalg. Kjøparar var ein Dyrlid og Haasted. Desse nytta fløting i elva og vatna til sjøen. Tømmeret vart lagt i fløter og slept til Romsdal.

Det er her opprita dei gardane som var vissaste med levering av opptømra stove ved sag eller fjøre:

2 bruk på Brusdal
1 bruk på Slettebakk
1 bruk i Innvik
1 bruk på Digernes
3 bruk på Svorta
2 bruk i Honningdal
3 bruk på Glomset
1 bruk i Vikane
1 bruk på Valde
1 bruk i Abelvik
1 bruk i Skodjevågen
1 bruk på Midtlid
1 bruk i Furulid
2 bruk på Indre-Skodje
1 bruk på Stafset
1 bruk på Steinset

Det er truleg at mest kvart år leverte kvart av desse bruka ei opptimbra stove – eller material til eit hus. Reknar ein med at i «gode» år vart det levert ca. 20 stove-materialar for året, og til kvart hus gjekk det ca. 60 kbm., så vert det i alt 1200 kbm. tømmer.

Hertil kjem ein stor del trelast og mastretre og runde spesialtømmer til bommar og liknande. Og så kjøl-tre og hudplank for repa-

rasjonar. Dei som trengde den slags materialar, fekk seg adresse: Brusdal – Glomset – Honningdal.

I 1890-åra kom ei stor hollandsk seglskute inn til Ålesund – stormskadd – og måtte få ny stormast. Eigaren av slippen hadde adressa i hovudet: Honningdal. Skogeigaren i Honningdal vart kontakta og ordren var: Eit feilfritt tre, 20 m. langt til 12" i diameter + ein pen topp, 5–7 meter. Skogeigaren var i tvil, for så stort tre hadde ikkje vore hogd der. Han fekk med seg ein mann på skogen. Dei fann eit tre, pent og langt, men om det heldt 12 tommar på 20 meter, det var han i tvil om, og våga ikkje å felle treet. Og han visste ikkje om nokon i Skodje som hadde så svært tre. Han reiste med ein gong til Todalen, Nordmøre. Der fann han heller ikkje eit godt nok maste-tre. Han måtte reise heimatt med inkje. Heimkomen vurderte han på nytt sitt eige tre. Han tok vågnaden på å felle maste-treet, *og det heldt måla og krava*

Svorta-gardane hadde mykje stor skog. Men året 1884 fekk skogen til Svorta-bruka mykje stor stormskade. Særleg den skogen i heimeskjønet og rundt Svorta-vatnet. Av den grunn måtte dei no røkte skog som var meir «ulagleg» å drive. Dei hadde mellom anna mykje gammal skog kring «Ørnakkane».

I februar månad i 1890-åra var det overlag gode føreforhold. Det var mykje snø og slett alle stader, men heilt trygg «oppebere» (skarsnø) som heldt hest og lass heilt sikkert. Ein kveld sa ein av eigarane at no må saga kvessast og øksane slipast, for i morgon tek eg begge hestane og køyrer til «Ørnakkane», det er så sjeldant godt føre. Gamlemannen – som var 75 år – høyrde dette og sa: «Vil du så langt til skogs, vil eg vere med!» Jau, han skulle få det. Om morgonen starta dei: Husbonden og drengen med kvar sin hest, og gamlemannen fekk og sitje på, og dei kunne køyre kvar dei ville – snøen var trygg som fjell. Når dei kom til «Ørnakkane», var der mykje gammal, kjempestor skog. Det var visst ingen som hadde hogt der før.

Hestane sette dei frå seg – batt dei og gav dei høy. Og så tok dei fatt på eit kjempetre. Dei måtte skore med øksa mykje, for elles vart det for kort drag med saga, endå den var av dei lengste.

Med dei heldt på å sage på treet, spurde dei gamlingen kor gammal denne furua var. «Å, det er ikkje godt å gjette, men eg skal telje åringane når de får felle den.» Men det tok lang tid. Endeleg kanta den med eit brak. Karane byrja kviste med ein gong, og gamlingen byrja telje årringar. Leid fram mot kveld hadd karane fått til lass for begge hestane, og spurde gamlingen om han var ferdig. Å nei,

han var ikkje halv-ferdig. «Du kan få vere med i morgon og, for vi skal hit då og.» Gamlingen tok tollekniven og sette den fast der han var komen. Dei køyrde lassa til Svorta-saga.

Neste morgon var det å starte på nytt til «Ørnakkane». Det gjekk fort å kome til skogs att, for føret var heilt sjeldant lagleg. Karane tok fatt på ein anna stor, gammal furu, og det var verkeleg eit arbeid å felle slike tre.

Gamlingen tok til å telje årringar att, og han var trottig for han ville gjerne verte ferdigt på ettermiddagen var karane ferdig med stor-furua, og hadde no og lass til begge hestane, så dei ville gjerne køyre heim. Dei ropte til gamlingen om han var ferdig med teljinga. «Nei, eg er ikkje ferdig», svara han. «Ja, vi vil no køyre vi no, og du må vere med.» «Ja, eg må vel det,» sa han. «Kor gammal trur du ho var den store furua?» sa husbonden. «Å, det er ikkje godt å vite – men ein ting veit eg – ho er ifrå før Noas dage!», sa gamlingen.

I Innvik var ein hogst av salg på rot. På Oppskar vart all skog seld med grunn og frådelt bømark.

Av bjørkeskog–vedskog vart i 1940 kjøpt i Fyllingslia og i Engeset utmark av Ålesund kommune store mengder bjørk på rot, som dei sjølve dreiv fram, kappa og køyvde den her.

Det er mange som har skrive om skogen i Skodje, og om sagbrukarane, og at skogen var uthogd. Men dei har truleg teke feil. Det er mykje skog hogd i Skodje frå den tid, men ikkje alle år like mykje. Og enno er her skog – og vert skog.

I statistikk er det vel lite ein finn att, men det er ikkje lite som sageigarane foredlar på eigen sag, til eige bruk, til nye hus på garden og til hus for sine etterkomarar.

Men det vert og drive eit godt kulturarbeid i skogen. Kvart år vert mange dekar fornya med tilplanting eller grøfting. Etter melding frå heradsskogmeisteren i Nordre Sunnmøre er det i 1978:

Nyplanta areal 146 dekar
Rydda areal 58 dekar
Etterarbeid 25 dekar
Grøfta 105 dekar
Gjødsla 101 dekar
Skogsvegar 2040 m
Sum hogd i 1978 1700 kbm.

Det er truleg at dette kvantum er atskillig meir.

Det har ofte vore stor av-virkning i skogane i Skodje. Men skogeigarane har også gjort mykje kulturarbeid, som rydding, planting og grøfting.

Her er ført kor stort areal kvar skogeigar har kultivert i alt i dekar til 1978:

Gnr./ bnr.	Namn	dekar	Gnr./ bnr.	Namn	dekar
2/1	L. Gudmundset	10,7	23/3		17,5
8/1	Edv. Honningdal	23	23/4		15,1
8/2	Lars Honningdalsnes	4,2	23/6	Kirsten Skodje	39
8/2	Ingv. Honningdal	4	23/7		4,8
7/1	Leif Honningdalsnes	186	23/9		6,7
10/1	Einar O. Glomset	31	24/3	Prestgarden	24
11/1	Ålesunds Brannforen.	9,6	24/12	Arnold Tennfjord	6
11/2	A. Ytrevik	2	25/1	N. Otterlei	22,1
13/1	Håkon Stafset	20,6	25/2	Oskar Berg	11,8
13/4	Petter P. Valde	23,9	25/3	Otto Berg	109,10
13/15	Bjarne Valde	5,1	26/1	Petter Ytreberg	61,30
15/1	Solnør	223	27/2		3
14/1	Nils Håhjem	12,8	27/3		3
14/2	Erling Håhjem	68,8	27/6		8
14/3	K. O. Domaas	73,2	28/1	Harald O. Strømmen	18,8
14/5	Jakob Håhjem	9,9	28/4		19,3
16/1	Leif Abelvik	86,4	29,4		12
16/2	Koppernæs	142,2	29/5		6
17/1	Peder P. Midtlid	21,4	30/1	Jon og Peter Bruteig	10,5
17/5	Storsæter	5	30/2	Karl P. Sortehaug	108,10
18/1	N. Urke	39	31/2	Olav S. Svorte	84
18/3	Bjarne Ulvestad	52,8	31/4	Ella Sortevik	8,5
18/24		2,6	31/6	Olav K. Sorte	24
19/1	Peter P. Midtlid	163,7	31/8	Klara Sortevik	8
20/1	Petter K. Ytrelid	36,5	32/1	Harald Klokk	4,5
9/1	Strandmann	29	33/1	Petter Digernes	26,7
9/2	B. P. Glomset	45	33/2	Kristen Digernes	4
21/5		25,9	34/1	Vemøy, Johan Tenfjord	124
21/2		4	34/3		5,3
21/7		46,7	35/1		19,1
21/8		28	35/2		4,7
21/9		24	36/1		7
21/12		62	39/1		2
21/13		24,8	41/2		
21/3		7,3	42/2		9,6
231/5		30,9	42/3	G. Marius Flåte	9
21/1		33,1	43/2	Julius Lund, Reiakv.	20,1
22/1	Skodjereite	52,8	44/1		2,1
23/1		21,5	45/1	Rolf Øvstegård	7,5
23/2		19,5	45/2		2,5

Gnr./ bnr.	Namn	dekar	Gnr./ bnr.	Namn	dekar
45/4		7	58/3		9,8
46/1-2-4		5	59/1	Andres Støversen	155
47/1		38,8	59/2	Ingebrigt Storsæter	60,4
47/4		4,4	60/1	Oskar Rørhuus	108
48/1	Bjarne P. Stavset	41,1	60/2	Erling Ekroll	50,9
48/2	Arne Stavset	21,3	60/4	Ivar Ekroll	13,8
48/3		21,9	60/11		13,5
48/5		9,5	60/18	Ottar Engeset	61,9
49/4		5,7	60/19		6,4
49/6	Sigurd P. Tenfjord	20	60/33	Plantefelt, R. Rørhuus	25
51/1		24	61/2	Petter S. Engeset	16,5
51/2		9,4	62/1	Caspar Giske	53
51/3		32,3	62/2	Jakob Ekroll	112,6
51/4		15,5	62/3	Bernhard Ekroll	49,2
51/7		4	62/4	Kristoffer Beite	31,6
50/1		75	63/1	Martin P. Ekroll	109,5
50/2	Gudrun Storhaug	106,5	63/2	Martin P. Ekroll	53,1
50/4	Jorun Storhaug Fjørtoft	66	63/4	Endre A. Ekroll	48
52/1		23,2	63/3	Lars B. Ekroll	53,9
52/3		28	63/5	Andreas Ekroll	22,6
52/4		22,3	63/13	Trygve Ekroll	7,5
52/5		12,4	63/17	Inge Ekroll	23,2
52/6		41,2	64/3	Alv Græsdal	62,5
53/2	Hans P. Nes	37,4	64/2	Græsdal	64
53/2-3	Hans Nes, Kåre Døving	78,4	65/1	Ludvik Beite	33,7
54/1-2	Kassnes og J. Strand	27,60	65/2	Rasmus Beite	39,6
55/1	Langnes	56,3	66/1	Margit Beite	3,6
56/1	L. K. Fylling	23,9	66/2	Knut Beite	5
56/2	P. S. Fylling	61	67/1	Johan O. Erstad	32,7
56/3	Bernt E. Fylling	221,70	67/2	Peder Beite	5,9
56/4	Per Fylling	36,4	67/3	Bernt Erstad	9,3
56/8	Nystad	28	67/4	Osvald Giske	8,1
56/9	Nedrelid	35,6	68/1	Ludvik Stige	38,4
56/11	Soltun	41	68/2	Johan Stige	9,5
57/1	Brune – Øvste	23,3	68/3	Jon Græsdal	3
57/2	Brune – Ødegård fam.	46,2	68/4	Petter L. Stige	19,3
57/3	Johan Strand	10,4	68/5	Bjarne Stige	13,4
57/4	Petter E. Fylling	12	69/1	Lars Skar	153,8
58/1	Lars B. Øie	123	69/2-5-7	Per Birger Ulvestad	115

I alt tilplante
1954/78 = 5.333,4 dekar
+ 6 fredskogfelt
i Skodje

Det er planlagt av:		År	
Ole K. Engeset	10	1897	fullplanta 1905
H. W. Dåes minne	60	1906	fullplanta 1912
Jakob Ytreberg	38	1913	fullplanta 1919
P. Solhaug	14	1931	
Indre Ekroll –			
S. Engeset m/fleire	20	1936	fullplanta 1940
Karen Brusdal	20	1939	fullplanta 1943

Elias Ekroll fekk i 1905 Møre og Romsdals skogselskaps premie for skogplanting.

Når du eingong augo vender,
mot di gamle vakre grend,
vil du få eit syn som gleder:
skog i alle lier stend!
Fint det blånar, godt det angar
frå det grøne, friske bar.
Soli skin og herleg gyller
Fjell og vatn og ættegard.

Nye slegter fram skal bera
arv og yrke etter deg,
gjera grender – bygder trygge,
fremja verket steg for steg.
Så blir fædrelandet tryggar, –
bere tanken gjer deg sæl
Norge, Norge fritt og fagert
det er draumen i di sjæl.

(Aksel Sæsbø)

Som før er skrive, hev skogen i Skodje vore ein av «livsnervane» for folket i Skodje. Men ikkje berre for Skodjebygdarane, men og for nabo-kommunar, t.d. Borgund–Ålesund og øyfolket. Herfrå kom det meste av det byggetilfang dei trengte og også ein stor del av det brensel dei trengte av skog. Dette gjekk godt så lenge det regulerte seg sjølv. Men når ein miste «styringa», då kom vanskane.

I lov om Skogvern av 1932 var det fastsett at i kvar kommune skulle det veljast eit skogråd på tre mann. To mann skulle veljast av kommunestyret, formannen skulle oppnemnast av departemenet etter forslag av kommunestyret. (1) Saman med – eventuell heradsskogmeister – vart dette det kommunale skogoppsyn. I den første tida vart det mest rettleiingsarbeid, og det vart fylkets skogtenestemenn å lite på.

Men så hende det noko som ingen tenkte: Den 2. verdskrig hadde starta i Midt-Europa, og den utvikla seg til det utrulegaste.

I 1940, ein av dei første dagane i februar, kom det innkalling frå fylkesmann Utheim til alle skogrådsformenn og skogtenestemenn på Sunnmøre om å møte på Avholdshjemmets møtesal i Ålesund til bestemt dag og klokkeslett. Det var kort varsel. Fleire ordførarar hadde og fått innkalling. Der kom mykje folk. Fylkesmannen leia sjølv møtet, og tok med ein gong fatt i dagens situasjon:

Krigen i Europa var ein alvorleg trusel, når som helst kan Nordsjøen verte stengd, og då vert det alvorleg brenselmangel. Alle kommunane *skal* velja sitt brenselutval med føremål å skaffa sjølve det som trengst av brensel. Han stilte spørsmål til skogrådformennene: Kor mykje kan de skaffe av ved, hogd, – og for rotsal.

Fylket hadde alt skipa brenselutval. (1) (Elias Fylling var formann i Skodje skogråd.)

Han oppmoda *alle* som var på møtet til å agitere for – snarast mogleg og størst mogleg – hogst av brenselskog – for, sa han: – Situasjonen er alvorleg, når som helst kan ulukka vere over oss. Vi forstod fylkesmannen og dei fleste reiste heim med gode forsett.

Men i slutten av februar fekk vi ei svær snø-rid som gjorde det umogleg å kome på skogen. Eg kalla saman til allmannamøte på Skodje bedehus, og det kom mykje folk frå alle bygder. Folk var innstilte på å gjere sitt beste. Men alle var samde om at ein måtte ha ein samskipnad som organiserte dette tiltaket – og forhold som seinare kom opp.

Det vart samrøystes vedteke å skipe eit skoglag for Skodje. Ei nemnd til å kome med framlegg til lover vart vald med utskift-

ningsassistent Petter Sorte som formann. Skipingsmøtet vart bestemt til 4. mars 1940. På det møtet vart Skodje skoglag skipa, og det var bra.

Allereie i første del av mai 1940 kom det førespørsmål etter brensel frå mange kantar. Ålesund kommunale brenselsutval melde seg som mykje interessert i stor vedhogst på rot i Fyllingslia, drive av eigen leigd arbeidskraft. Etter at alt som vart tilvist på kontrakt var hogd i Fylling sine skogar, hogde Ålesund kommune mykje i Engeset sine skogar og. Alt som vart hogd av Ålesund, vart framdrive, kappa, kløyvd og oppsett for måling ved bilveg og transportert etter kvart til Ålesund.

I krigsåra kom lauvskogen særleg vel med i Skodje. Det gjekk mykje til «knott» (kortkappa) til drivkraft i bilane og.

Om sagbruksdrift, og korleis den utvikla seg

Av Elias Fylling

Bøndene på Sunnmøre sette store vonar til sagbruka. Mange bygde seg oppgangssager. Men dei som ikkje var jordeigarar eller embets- eller forretningsfolk, måtte rive dei. Dei sagene som var eigde av borgarar eller embetsfolk, fekk ein fordel, og dei vart kalla kvantumssager. Dei kunne skjere eit tildelt kvantum trelast til utførsel.Dei få sagene som var att – og ikkje dømd til riving, dei kunne berre sage til bygda og eige bruk, og vart kalla bygdesager. Dette forhold heldt seg til ca. 1855–60. Då vart det romslegare.

Og i den tida kom cirkelsaga i drift. Til å byrje med var det små sager, lite blad, kort benk, lite vatn oftast, og fleire prøvde seg med eit truskehjul til drift. Og då vart det vesentleg tunnestav og botnestav dei skar, til seg og andre. Men dette tiltaket utvikla seg sværande fort i Skodje. Gardbrukarane – og andre – fekk byrje å lage sildetunner heime, i kveldstimane og i ledige ykter. Og det bringa inn kjærkomne pengar som dei elles ikkje nådde i.

På kort tid vart det mange mindre og små cirkelsager i bygdene. Dei små vassbekkar som fanst vart utnytta – og til dels auka vassføring, med små demmer dei bygde seg. Etter kvart vart det større og betre vasshjul, større sagblad og lenger sagbenk.

Heggebakk: Det var Edvard Heggebakk som bygde vassag ca. 1907. Den stend enno like ved fylkesvegen. På denne saga har det' vore saga mykje tunnestav og kassematerialar.

Gudmundset: Anton Gudmundset bygde seg vassag ca. 1906. Det var både tømmersag og stavsag. Dei skar mykje leigeskur av alt slag. Omkring 1925 vart det elektrisk kraft.

Honningdal: Året 1603 var det ein Størker Honningdal som eigde oppgangsaga. Han skar det året 30 tylvter bord. Året 1610–11 eigde Oluf Olsen Honningdal saga. Han skar 50 tylvter. Så vart Ole Lar-

sen Abelset eigar, han var handelsmann og fekk bruke saga. Dei få oppgangsagene som var att, vart brukt i lang tid. Men om kring 1900-talet var dei fleste gått over til cirkelsag. Det vart saga mykje tømmer på Honningdal sag.

Glomset: Bernt J. Glomset bygde sag i Honningdal-elva på Glomset-sida. Den var bygd ca. 1910 og var driva med vatn (vassag). Frå år 1940 med elektrisk kraft.

Glomset: Ole D. Glomset bygde sag i 1930. Elektrisk drift. Stort godt anlegg. Ca. 1890 bygde han seg cirkelsag ved Dal-elva, driven med vatn. Den var helst for stav-skur og mindre tømmer.

Glomset: Bernt P. Glomset bygde sag i 1954. Elektrisk. Ved Dal-elva var det omkring 1890–1900 tre mindre stavsager, drivne med vatn. Johan Skaue eigde ei av desse.

Honningdal: Lars Honningdalsnes bygde elektrisk sag i 1954.

Glomset: Johan B. Glomset bygde nytt sagbruk 1960, elektrisk.

Svorta: Einargarden hadde vassag ved Svorta-elva. Denne var bygd i 1890-åra. Frå 1945 elektrisk kraft.

Sortehaug: Petter P. Valde og Petter Håhjem bygde i lag sag i Sortehaugelva. Vasskraft vart brukt til 1936, då var det brukt elektrisk kraft.

Sortehaug: Petter S. Sortehaug bygde 1933 vassag i Haug-elva, der vart brukt vasskraft. Den er no nedlagt. Karl Sortehaug hev no bygd ny elektrisk sag.

Håhjem: Petter P. Valde og Petter E. Haahjem bygde 1947 elektrisk sag på Håhjem.

Valde: Jørgen Valde bygde elektrisk sag i tunet på Valde i 1933. Den vart seld i 1942. No har sonen Lars J. Valde bygd elektrisk sag like ved vegen E 69 på Valde, i 1970.

Valde: Haakon Stafset bygde elektrisk sag på Valde i 1940.

Solnør: Solnør sag er mellom dei første sagene på Sunnmøre. Den er omskriven 1582, men av ein eller annan grunn vart eigaren nøydd til å bygge den på ny i 1687, men same året dømd til riving. I 1714 vart saga bygd på ny. (Etter P. Fylling.) Den gamle saga stod til 1950, men var ikkje brukt etter den nye elektriske saga vart bygd i 1914. Det vart og kjøpt høvel, men den er no forelda.

Abelvik: Peder Bjørnsen eigde sag i 1603. Han skar det året 25 tylvter bord. I året 1610–11 er det ein Anders Abelvik og Iver i Vågen som er skrivne som sageigarar. Dei skar 20 tylvter bord. Oppgangsag. Den stod til 1906. Elektrisk sag 1948.

Abelvik: Koppernæs bygde ny elektrisk sag ved sjøen i Abelvik i

året 1954 med 40 hester elektrisk motor. Det er eit godt sagbruk.

Skodjevågen: Her har vore tidleg sag, først oppgangsag og så cirkelsag, men berre vasskraft. Men mykje saga. Cirkelsaga vart brukt til 1940. Då var den ikkje brukande lenger. Den var truleg frå 1875–80-åra.

Gnr. 17.1 Skodje-Vågen vart to bruk frå ca. 1910.

Gnr. 17.5 har bygd seg nytt sagbruk ved Furulivegen.

Sjurslia/Midtlid: Vassag – cirkelsag i Furulielva, saman med Elias Skodje frå 1888. Nedlagt. Elektrisk sag i Midtlid, like ved tunet, frå 1930. Dobbel spindel og 20 hestar motor.

Furulia: Aret Tomren, ei lita stavsag ved Furulielva i 1895. Den var driven med vasskraft. No nedlagt.

Ytrelid: I 1870 bygde Peter Knutsen Ytrelid cirkelsag på heimebøen, med demme i heimeskynet. Vasskraft. I 1918 bygde Knut den yngre, ei ekstra demme på heimebøen, for å få meir kraft til sag, og til maskinar i sin produksjon av tunner.

Indre-Skodje: Der var fleire små cirkelsager, og i felles hadde dei ei demme i Røane, den vart kalla Rødemma. Den var ca. 80 m nord for den noverande Rø-saga.

Rø-saga: Den første saga ved denne bekken var Rø-saga. Det var ei stavsag og var driven av eit overvasshjul som og vart nytta som truskehjul. Saga stod aust for tunet. Den var bygd i 1870-åra.

I 1923 bygde og Jostein Valde ny elektrisk sag i Røane med 26 hestar elektrisk motor. På denne saga var det lang, god sagbenk, og det har vore saga mykje stort tømmer på denne saga.

Bakke-saga: Den stod aust for Olmantunet, bygd ca. 1870. Stavsag. Ny større elektrisk sag i 1931.

Sjur-saga: Den stod ca. 50 m sør for Sjurs-tunet, bygd ca. 1870. Stavsag. 1947 ny elektrisk sag i tunet.

Korsveg-saga: Den stod ca. 50 m sør for tunet, bygd ca. 1870. Stavsag. 1946 ny elektrisk sag ved fylkesvegen.

Dei fleste sette saga så dei fekk nytte truskesnor til løa.

Reite-saga: Den var bygd ca. 1870, stod nord for Reitetunet. Det var vassag, og vatnet til drivkraft fekk dei frå ei bra stor demme – Reite-demma. Denne krafta nytta dei til trusking og dreiing. Dei siste åra har dei brukt elektrisk kraft.

Oliver-saga: Den låg ca. 50 m sør for løa i Olivergarden. Det var vassag, men der hadde dei større sagblad og lenger benk, så der vart saga mykje større material og. Dei hadde der ei bra demme, og så hadde dei to vasshjul så dei nytta same vatnet to gonger, og fekk så-

leis mykje meir kraft ut av same sag-vatnet. Dei hadde truskesnor på låven.

Denne saga var den første cirkelsag som vart bygd i Skodje. Eigar og byggar var den vidgjetne med Oliver Skodje, fødd i Holmøyane i Nordfjord. Han kom til Skodje 1858, for å vere smed-meister til Skodje kyrkje, som vart ferdig 1860.

Nedre-Skodje: Her var oppgangsag alt i 1603. Her var ein Ivar Olsen Skodje som det året skar 40 tylvter bord og betalte to riksdalar i skatt, og fire tylvter bord i sagskatt. 1610 – 11 skar Ivar Olsen 15 tylvter bord betalte to riksdalar i skatt og ein daler og ein ort i sag-skatt. 1624 skar Ivar Olsen 20 tylvter, betalte to og ein halv riksdalar skatt og to tylvter bord. Dette var ved Skodje. Men same året skar Ivar Olsen Skodje 40 tylvter på ei anna flaumsag. (Det ligg nær å tru at denne flaumsaga stod i Gytte-elva, for der var større vassføring, og høve til å få vatn frå Stor-tjønna. (Peder Fylling skriv at der var tidleg sag i Gytte-elva).

Ved sjøen på Nedre-Skodje vart i 1772 bygd eit skip av bondemann Rasmus Arnesen Ekrol. Når det på denne staden vart bygd eit skip, var det rimeleg at det stod sag i nærleiken.

Bnr. 1 Bergen-Indre: Dei hadde sag i elva ved Grindviksjøen. Dei slutta å bruke den, og Erling bygde seg vassag på sin gard like ned for vegen i 1920. I ca. 1935 bygde han elektrisk sag.

Grindvik: Knut Grindvik bygde seg vassag i Grindvik-elva, nær sjøen. Han slutta å bruke den i 1930-åra og bygde seg sag i tunet sitt, drive elektrisk.

Lars Grindvik bygde seg vassag i 1925. I 1942 elektrisk sag.

Berget-Ytre: Jens Ytreberg. Det var visst far til Jens Ytreberg som bygde sag i 1870. Det var cirkelsag, og dei saga bord og plankar, men mykje tunnestav. Denne hadde dei til 1942. Bygde daa elektrisk sag. Den vert brukt no og.

Strømmen: I Straums-elva like ved sjøen vart det tidleg bygd vassag. Eldre folk fortel at det var ei oppgangsag. I 1870-åra vart den ombygd til cirkelsag, og vart nytta til 1930. Denne saga var bruksnr. 1 si sag, før det vart delt.

Karl Strømmen bygde seg elektrisk sag like ved riksvegen til Vatne. Det er eit godt bruk med høvel. Denne saga høyrer til bnr. 2.

Bnr. 1, Harald Olsen, bygde seg og elektrisk sag ved nordre sida av riksvegen til Vatne.

Bnr. 2 Berget: Lars Otterlei bygde og vassag, sør for hovudvegen

i Berget. Den vart mest brukt i samband med ein verkstad han hadde. Det var omkring 1920.

Alf Valde bygde seg elektrisk sagbruk i 1931 på bygsla tomt i Sjukestranda. Tømmerskur vart drive til 1964. 1940 vart det montert høvelmaskin. No vert det drive trelasthandel, og hev klyvsag og høvel.

Knut Yttrelid, bygde sag på bygsla grunn i Straumen i 1939. Det var saghuset som stod i gytte-elva han flytta til Straumen. I 1945 bygde, han tunnefabrikk ved sida av sagbruket. Denne fabrikken dreiv han i 11 år.

BRUSDAL

I frå eldste tid har det vore mykje furuskog i Brusdal, og ut av skogen har folket som budde der, fått den meste og og vissaste inntekt i alle tider.

Før vass-sagene (oppgangsagene) kom, vart det omsett rundtømmer – som vart køyrt til sjøstrand for levering. Omkring 1530 vart oppgangsagene kjende, og ved 1600-året fekk Brusdal og si sag. Denne vart nytta av bøndene i fellesskap. Det vart svær oppsving for bygda.

Den første sag har visst vore bygd ved vatnet, på bnr. 2. Når cirkelsaga vart kjend, vart det med tida kvar si sag på kvart bruk, og drivne av vasskraft.

Bnr. 1 hadde si sag i Ølvika. Det var Peter Brusdal som bygde cirkelsag der, i ca. 1880. Denne vart driven med vatn. Og den vart mykje brukt. Mange husmaterialar vart saga der kvart år. Stovene vart opptimbra ved saga, så merkt og rive, og sendt eller henta – av kjøpar – for oppbygging på ny tomt. Så var det materialar til løe og større og mindre naust.

Bnr. 2 hadde si sag rett ned for tunet og bygd 1913. Det var vassag og var brukt til 1929. Kristen Sorthe sette opp ei ny sag ved vegen til Utvik. Denne saga vart driven av ein lastebil som han hadde. I 1941 gjekk han over til elektrisk drift. Denne saga er i drift no.

Bnr. 3 si vassag stod i tunet, rett ned for husa. Når den var bygd, veit ein ikkje sikkert, men truleg i 1880–90-åra.

Ein tømmerkjøpar Flovik hogde mykje skog i Straumedalen og han bygde – saman med Oluf Brusdal – ei sag ved riksvegen, den vart driven av ein dieselmotor. Denne saga brann ned 1929. Den vart bygd opp igjen, og var i drift til 1936, då vart ny elektrisk sag bygd ved tunet.

Brusdal: Då gnr. 1 vart delt mellom Laurits Brusdal og Rasmus Øvstegård, sette *Laurits* opp sag – elektrisk – heime i tunet, og den står i dag. Den vart oppsett i 1926, truleg den første elektriske saga i Skodje. Det er same motoren som enno er i drift.

Rasmus Øvstegård bygde seg ny sag i Ølvika, og driven med ein bilmotor. Denne var i bruk til 1950.

Slettebakk: Dei hadde vassag i elva aust for husa. Den er truleg bygd ca. 1885, (cirkelsag) og den stod til 1942. Eivind Robertsen bygde elektrisk sag i 1949 og denne saga er på bruket no.

Reiakvam: Andreas Reiakvam sette opp ei sag på Reiakvam i 1929 og den vart driven med ein diesel båt-motor. Denne saga vart nedriven føre krigen. Ei lita elektrisk sag vart seinare oppsett, men lite brukt.

Svorta-gardane hadde frå eldre tid oppgangsag i Svorta-elva ved *Jensvika.* (Sortevik).

Første gong denne saga er nemnd, er i 1686, den vart då dømd til riving. Det vart eit hardt slag for Svorta-karane, for der stod mykje stor skog i deira skogar. Men dei var leiglendingar. Det vart ikkje høve å få kjøpe gardane sine for Svorta-karane før 1800. Men då lukkast det. Då søkte dei med ein gong om løyve til å bygge sag. Om dette er noko skrive før i denne artikkelen.

Sortevik: Petter Sortevik var medeigar i den første oppgangsaga. Når den vart nedlagd, ca. 1912, bygde han seg stav- og kassesag i elva.

Digernes: Kristoffer Digernes bygde cirkelsag i Kvennelva i år 1868. Denne stod til 1923. Det vart då bygd ny sag på same staden, med vatn frå Lomskjønna. Det gjekk godt å sage der, og mykje vart saga der til 1940. Etter den tid har det ikkje vore saga der.

I same elva hadde Digernes også kvern. Denne vart brukt fram i 1930-åra.

Innvik: Karl Johan Innvik bygde sag i elva ca. 1880. Han saga mykje på den cirkelsaga.

Vemøy: Knut Vemøy bygde seg sag, ca. 1900, nær naustet sitt. I den første tida dreiv han den med vatn. Han laga seg ei demme og det var noko hjelp – men usikkert. Han kjøpte til slutt ein motors om dreiv saga så han vart sjølvhjelpt.

Gnr. 36, bnr. 1, Utvik: Knut Utvik bygde cirkelsag ved elva i 1912, ved vegen til Innvik. Det var ei bra stor sag og dei saga mykje. Denne vart brukt til 1955, då flytte dei saga til lø-skylet og dreiv

den med elektrisk. Det vart der saga mest kassematerial. Den vert brukt no.

Utvik: Peder Utvik bygde vassag i 1948. Seinare vart det bygd elektrisk sag.

Mørkeset: Finn notert: Sams vassag og kvern.

Steinset: Her har tidleg vore vassag, men veit ikkje kva tid den har vore bygd. Den er seinare fornya og vert no driven elektrisk. (Olagarden).

Steinset: Hansgarden: Dei har elektrisk sag.

Stafset, bnr. 1: Her er bygd elektrisk sag ca. 1926.

Stafset, bnr 2: Før vassag, no elektrisk sag saman med bnr. 1.

Stafset, bnr. 3: No elektrisk sag saman med bnr. 1.

Stette: 1610–11 ei flaumsag, men skar ikkje det året. 1624 Knut Stette: Skar 20 tylvter. Denne saga var truleg ei av dei mange som måtte slutte – førebels – men kom vel att seinare. 1925 bygde Sivert Stette elektrisk sag. Denne vart brukt til 1960. Den står enno.

Langnes, gnr. 55: Dei har bygd seg elektrisk sag i 1968 like ved løa.

*Gnr. 56, bnr. 1:*Larsbruket og Nystad br. bygde seg vassag – cirkelsag – ved Løken–Kvennabakken. Det vart bygd demme og for å få meir kraft. Denne saga vart bygd av brørne Knut og Sivert Fylling i 1936. I 1940 kjøpte dei elektrisk motor. No er saga nedrotna.

Gnr. 56, Per M. Fylling bygde elektrisk sag 1976 m/30 hestar motor.

GNR.56,BNR.3: År 1886 bygde dåverande eigar og brukar cirkelsag i Fyllings-elva (Petter Robert Fylling). Den var bygd med undervasshjul og det var bra kraft. Den var bygd med to benkar, ein for stort timber, og ein liten for stavskur. I 1918 skøytte Elias Fylling huset med seks m og fekk då lenger benk. Av grunn vanskeleg veg for biltransport, flytte Elias Fylling i 1936 saga til bygdeveg og sette inn elektrisk motor. Saga hadde då to benkar. År 1975 flytte Bernt E. Fylling saga til ny tomt ved trelastlageret. Det er no moderne benk med hydraulisk trekk og 45 hestar motor.

Omkring 1890 bygde Petter Ytrelid, Elias Skodje og Kristen A. Skodje ei cirkelsag i Gytte-elva, nær Fyllingsvatnet. Der var god vassføring og så kunne Stor-tjønna regulerast noko. Dette vart eit godt sagbruk.

Nedrelid, Lars L. Fylling, bygde sag ved løa si for saging av kassematerial.

Store-Fylling: 1610–11 hadde Oluf Sivertsen flaumsag i Fyllingselva i Saghølen, i Medalane.

Stor-Engeset: År 1624 hadde Oluf Engeset flaumsag ved Saghaugen i Engeset-elva. Dette år skar han 25 tylvter bord. Skadeåret 1679 tok flaumen brua over elva, flaumsaga og fleire kvernhus. Der har ikkje vore sag sidan.

Bernt Øie: hadde på heimegarden ein god verkstad med cirkelsag og bandsag, drive av ein turbin for vatn. Her laga dei mykje vognhjul og trillebårhjul av skogsvirke dei hogde og saga sjølve. Eit godt utnytta tiltak.

E. Fylling

«...sognets fornemste herlighet...»

Den «herlighed» som overskrifta viser til er Skodje sine skogar. Sitatet er henta frå Hans Hans Strøm sin «Beskrivelse over Søndmør» som vart utgjeven for over 200 år sidan.

Gjennom langsamlege tider har skogsbruk vore ei viktig næring for skodjebygdene. Skogen har vore vokstervillig – men den må også ha vore teken vare på. Allereie for mange hundre år sidan var skogsdrifta viktigaste næringsvegen for svært mange. Vi skal sjå litt nærare på kva Hans Strøm seier om Skodje. Det let til at han har stor vyrdnad for den prektige fureskogen: «Sognet som ligger indsluttet mellem Vatne, Borgund og Ørskoug er det største anneks under Borgund, og tillike det smukkeste Sted i Kaldet, efter det Bjergene falle her ikke meget høye, og er dessuten prydede med deilig Fyrre-Skog, som utgjør Sognets fornemste herlighed. At Fyrre-Skogen her fremfor andensteds befindes ennu at være i god Stand, det må især tilskrives Jordartens beskffenhed og dens villighed til at skyde nye skud.» Strøm fortel vidare at tømmerhogst er viktigaste næringa for innbyggarane i Skodje. Deretter kjem torskefiskeria, medan t.d. åkerbruk var heller lite utbreidd på den tid.

Endå nokre sitat av Strøm viser at fureskogen vaks villig også i dei fleste bygdelaga innan soknet. Han skriv m.a. om Stette: «Dette Bygdelag er forsynt med temmelig godt Korn-Land så vel som nogen Fyrre-Skog. . .»

Solnør har av den finaste fureskogen på Sunnmøre, seier han. Om Svorta heiter det: «Den har overalt skjøn Fyrre-Skog.» Og Brusdal . . . . «Som likeledes er forsynet med skjøn Fyrre-Skog.» Vidare heiter det om Honningdalsbygd: «Den har nogen herlighed av Fyrre-Skog og Fiskeri i Fjorden. . . .»

Furuskogen har likevel ikkje vore framtredande i alle bygdene

som høyrer Skodje til. I Engsetdal t.d. må det vere lange tider sidan der vaks storskog av furu. Men den har funnest der også – det viser dei mange digre røtene og stomnane som er spadde fram av torvmyrane. Dei er å finne jamvel nokså høgt til fjells. Hans Strøm skriv m.a. om Engesetdal: «Foruden god Korn-Avling, findes og her i Dalen skjøn Græsning (beite) på Udmarken, foruden lidt Birkeskog til fornødent brug.» Beita var gode i Engesetdal også den tida. Dette kan vere noko av forklaringa på at skogen hadde vondt for å vekse til. I eldre tider gjekk både sauer og geiter ute til langt frampå hausten, ja, førevinteren med. Når dei så inkje anna fann, måtte dei nære seg av spirar og ungtre. Det er ikkje så overlag mange åra sidan furuskogen i denne bygda tok til å fornye seg. Ser ein på foto som er tekne for 60–70 år sidan, vil ein finne at der det i dag står tett blandingsskog var det då mest skoglaust. Dette gjeld nok for mange bygder.

Ein gong har Sunnmøre vore kledt av furuskog, også øyane. Medan ingen akta på skogen og den fekk stelle seg sjølv, følgde voksteren naturens gang. Gamle tre rotna og nye vaks til. Bruk av skogen har vore så ymse gjennom tidene. Frå tid til anna har den vel vore for hardt uthogd. Men så skal vi hugse på at skogsvyrke trongst til så mangt. Berre til varme i dei store tømmerstovene måtte det gå med svære mengder vedskog. Så var det kolbrenninga, tjørebrenning, saltkoking og byggetilfang, for å nemne noko av det dei levde av. Ikkje alle har sett på skogen som eit gode. Då det jorddyrkande folket kom, brende dei skogen slik at jorda kunne dyrkast, og for å halde unna bjørn, ulv og andre rovdyr, men også for å skaffe beite til husdyra. Det fortelst at folk laga skogbrannar slik at røvarar ikkje skulle halde seg gøymde i skogen.

Segna seier at på Ellingsøya og øyane rundt, brende dei skogen sist i 1812 då to skotske skip kom inn Breisundet og folket reddast for at mannskapa skulle gå i land på røvarferd. Øyane var i det heile utsette for plyndring då der voks skog. Under hanseatane sine herjingar kring på Sunnmøre i 1340 vart skip øydelagde og skogen brend for at der ikkje skulle finnaast materialar til å bygge nye skip av. Sunnmøringane var gode båtbyggarar nett fordi her var godt om trematerialar.

Sagbruk har vore drive mange hundre år på våre kantar. Det første sagbruket på Sunnmøre skal ha vore oppsett på Vigra – underleg nok synest vi i dag. I det 14. og 15. århundre gjekk det føre seg ein utstrakt trelasthandel mellom sunnmøringar og hollendarar og skot-

tar. Namn som Skotteberget og Flisnes i Borgund, Langskipsøy i Ørskog viser attende til denne tida. Skodje hadde nok sin store del i denne utførselen av trelast med sine skogsområde som både var og er dei største i denne luten av fylket. Frå denne tida fortel segna at tømmer vart slept eller sigla over Engesetdalsvatnet – folk låg på flåtane og fiska – frå andre sida vart så tømmeret køyrt til dei utanlandske trelastskutene. Som nemnt før har ikkje Engesetdal vore noka skogsbygd samanlikna med andre bygder i kommunen. Men på 14 og 1500-talet voks tydelegvis furuskogen også der. Andre teikn tyder på det same. Ved Engesetelva har ein gong vore drive sagbruk – på den garden som ber namnet Saghaugen. Garden hadde denne saga alt i 1530. Ein storflaum 2. juledagsnatta i 1850 sopa med seg både sagbruket og mykje anna. Etter den tid vart den ikkje bygt oppatt. Naturleg nok fordi skogen då forlengst hadde teke slutt.

Skogen har vore ei overlag viktig inntektskjelde for gardbrukarane. I byrjinga av 1600-åra voks det i Skodje opp mange sagbruk – helst det ein kalla flaumsager, og i lista for «Saugeschatt Oppebåret av Flomsaugene her på Sundmør 1613–14 Walle Schibred,» finn ein at desse har betalt sagskatt det året:

OLLENEDERSKODDEN
Oluff Engsett
Knud Stette
Oluff Huningdall
Olle Fylling
Iffuer O. Skodden
Oluff Glumsetter.

I desse åra fram mot midten av 1600-talet fekk skogen hard medfart – mykje av grunnar som alt er nemnde, men ikkje minst fordi bøndene måtte ein stad få fatt i pengar til å betale dei mange og harde skattane dei etter kvart vart pålagde. Slik at i 1640–41 var det i Skodje berre ei sag som betalte skatt, og det var Honningdal sag med 1 dalar. Nå kan så vere at det rundt i bygdene fanst småsager som dreiv i «løynd», slike som ikkje styresmaktene hadde registrert og som då ikkje hadde løyve til å drive. I skattematrikkelen for 1647 er det framleis berre Honningdal sag som betalar sagskatt.

Dei danske styresmaktene var merksame på det verde skogen hadde, og då dei skjøna at det barst gale i veg med skogshogsten, kom dei med ymse påbod for å verne skogen. På våre kantar vart amtmann Lillienskiold sett i spissen for ein «kommisjon» pålagde av

Hans Maist. Kongen å undersøkje om her var sager i bruk oppførde utan lov og rett, og om dei kunne tenkjast å vere til skade for skogen. Dette var i 1685. Skodjebygdarane fekk også merke Lillienskiold og mennene hans sitt nærvær. Dei avgjorde at Honningdal sag framleis aller nådigst kunne få eksistere. Medan sagbruket på Solnør vart nedbrote og gjort om inkje då dei fann ut at det var til «stor Ruin og Fordærvelse» for skogen på eigedomen. Knappe hundre år seinare er det at Strøm karakteriserer skogen på Solnør som «noget nær den beste på hele Søndmør». Då var også sagbruket på garden forlengst oppattbygt, for Strøm skriv at der finst eit «godt Saug-Verk eller Sag-Mølle, som drives ved den igjennem Dalen flydende Elv. . . »

Furuskogen kom vekk over størstedelen av Sunnmøre, men Skodje har framleis fin furuskog og er største skogskommunen i søre luten av fylket vårt. Om æra for dette skal tilskrivast danskekongen sine påbod eller bøndene sitt stell av skogen, skal være usagt.

Louis Giske.

Ferdselsvegar i Skodje i frå eldre tid

Av Elias Fylling

Dei første vegar mellom grannar var ei trakka ràs. Og det vart det same om naboen – grannen – budde nær eller lenger borte. Ja, sjølv om han budde i ei onnor grend, vart det å fylgje ei ràs – ein gangsti – når ein ville treffe kvarandre.

Gjekk desse gangstiane gjennom utmark eller skog, så kunne ein sjå at både hest, ku, sau og geit brukte dei. Ja, også hjort og andre ville dyr nytta desse snarvegane eller råsene.

Dei ymse bygder hadde sine råser – gangstiar – seg imellom. Når det vart ein times gangveg og meir, vart det ofte brukt hest om dei hadde det, til riding eller kløvjing. Etter kvart som busetjinga auka, så auka og bruken – trafikken – på ridevegen.

Dei som var busett ved sjø eller vatn, brukte båt for det var laglegast om sommaren og hausten.

Dei gamle ferdslevegane i nordre lut av Skodje, slik som mellom Engesetdal og Vatne, mellom Engesetdal og Fiksdal, har Louis Giske skrive om i Skodje sogelag sitt årsskrift for 1976. Så det er heilt uturvande å nemne meir om det.

Men skal taka med dei gangstiar eller ridevegar som folk frå Engesetdal og Fylling nytta til ymse tider. Som kyrkjeveg, medan Engesetdalsvatnet var ope, vart det brukt båt frå Lasshaugneset, Erstad-nausta eller Stigelandet, til Barvikneset eller Barvika. Når vatnet var islagt og trygt, nytta dei same vegane. Men måtte dei gå til fots (før 1800), så tok dei av frå Minstolagarden på Engeset mot vadet – Velje – mellom vatnet og Engesettjønna, derifrå mot Brune-Kleiva, like forbi stor-ura, der Lars Paalsen Lille-Engeset fann den store sylvskatten i 1742, då han var på veg til Fylling på friing. Det var dotter til Torstein Store-Fylling han hadde huglagt, og dei fekk kvarandre. Vidare gjekk råsa – ridevegen – aust for Brune til det gamle

tunet på Fylling. Vidare mot Fyllingselva – like aust for den nye brua over elva. Då var det berre eit vad, ikkje bru. Året 1818 om hausten, då Peder Johnsen Fylling skulle døypast, fekk dei ikkje bruke hjulvogn, men måtte bruke slede, ein tre-meia slede. Men så var elva stor. Dei måtte setje ein slede opp på den andre dersom mora og barnet skulle få sitje heilt turt. Frå Fyllingselva gjekk denne sle-vegen – ridevegen – mot Gytte-elva, der som kvernhus og saghus ein gong har vore. Der var bra å kome over elva. Andre stader var uråd å kome over, utan å verte våt. Derfrå gjekk vegen mot Reiteriset, litt sør for den no brukte fylkesveg. Frå Reiteriset gjekk den gamle vegen mest same retning til Skodje kyrkje som den veg som no er brukt.

Om nokon frå Fylling eller Engesetdal ville eit snarærend til Sjøholt, så gjekk dei ofte Hau-fjellet som dei sa. Dei gjekk innpå sæter-vegen (råsa) til Skodje-stølen og fylgde den til Skodje-stølen. Derfrå til Håhjemsstølen og vidare innover Hau-fjellet til Barlindhaug og Braute. Så ned Liabakkane til Sjøholt. Det var eit interessant terreng den råsa låg i. Om nokon frå Fylling eller Engesetdal hadde eit snar-ærend til Hanslia – Sjurslia eller Solnør, så gjekk dei ein gangsti – ràs – rett sør frå Gytte-elva mot Stortjønna og vest for Stortjønna til Hanslia. Då sa dei at dei gjekk «Skura».

Mellom Fylling og Tomrefjord var ein gangveg. Denne vegen vart ofte nytta før. Frå Fylling gjekk ein om Gamlesætra, forbi Haustølen til nordsida av Svartløkvatnet og til Frostad-sætra, så vidare etter ei ràs til Tomresætra og over Brekka. Komne dit, hadde ein eit særs vakkert utsyn over Tomrefjorden – Romsdalsfjorden mot Molde.

Ein av dei første «vegar» som vart så bra arbeidd i Skodje at ein kunne bruke «hjulsle» som dei kalla det, (det var vogn med tre-aksling og ikkje skodde hjul) var vegen til Skodje kyrkje – frå kyrkjevoren ved Nedre Skodje. Denne vegen var bygd før det var prestegard og før det var kapellan-gard. Alt ifrå den første kyrkja er registrert i Skodje i 1432 – har det vore bruk for landings-vor for båt ved Nedre Skodje. Hit kom prestane – med tilsagt båtskyss frå Flåte eller Svorta – og herfrå reiste dei med tilsagt båtskyss til Flåte eller Svorta og for vidare med ridehest til Borgund. Dei hadde av og til med tilbake preste-tiende, eller tiende til kyrkja. Dei som kom til kyrkje frå Oksnøya, brukte som regel båt, og la då til ved kyrkjevoren, både ved vanleg gudsteneste og ved gravfærder.

Den kapellanen i Borgund som hadde Skodje og Vatne, skulle bu

Ein ser her austre ende av Engesetvatnet, og austre del av Fylling med Fylkesvegen.

på Nedre Skodje, og denne garden var no under utbygging. Men det tok tid, så kapellanen måtte bu på Flåte i tre år, medan han venta på hus på Nedre Skodje.

Bygdefolket frå Hesseberg, (som då høyrde Skodje til), Heggebakk, Gudmundset, Rabben, Honningdal, Glomset og Vikane, gjekk til vanleg – når det var bar mark – over «fjellet» frå Glomset til Flåte-landet og fekk låne seg båt der når dei skulle til kyrkje. Men det var ikkje alle dagar det høvde godt å få låne båt. Dette fekk Christen Sorthe frette. Han syntes det var vondt for desse folka som hadde reist lang veg og fekk vanskar med å nå fram. (Dei frå Hesseberg måtte ofte reise kvelden før til Honningdal eller Glomset, for der å få seng over natta. Den tid var det veg berre til Honningdal).

Christen Sorthe kjøpte ein stor-færingbåt til kyrkjebåt og sette den i Flåte-landet til felles bruk i kyrkje-reiser. Han hadde både vilje og evne til det. Og ikkje berre båt, han sytte for å få bygd eit godt naust over denne båten og det vart kalla kyrkje-naustet. Dette

vart til stor glede for folket i Glomset-bygdene. Folket der nytta ei grei ràs over fjellet – den tok til ved bø-garden på Glomset og fortsette over til Flåte. Det er fortalt av Kristofa Glomset at nær bø-garden på Glomset kom det ein vass-bekk innpå denne råsa og det var lett for at folk vart våte på føtene. Difor tok dei og bygde over bekken med stein-heller, (dei laga ei klopp) og då vart det alltid trygt og godt å gå der. Dette vart seinare *alltid* kalla kyrkje-kloppa. Dermed starta Glomset-bygdarane sin kyrkjeveg på kyrkje-kloppa vidare etter kyrkje-råsa til Flåte-landet, til kyrkje-naustet, fløta kyrkjebåten, rodde over mot Skodje-landet og la til ved kyrkje-voren, gjekk så opp til Skodje kyrkje, som stod då – og framleis – «på eit høyt sted» i folkets tankar.

Frå Honningdal var det frå gammal tid ei gang-ràs langs med elva eit stykke over åsen til Skinstadriset og derifrå utover mot Brusdal, Rødset, Nørvasund og Ålesund.

Denne råsa – vegen – vart mest brukt av folk frå fjordane som var på veg mot Borgund – Ålesund på lasta trerøringsbåtar og jekter, og som møtte sterk kuling av vest når dei kom til Honningdal. Av den grunn måtte dei søkje hamn i Honningdal for å vente på lagleg vind. I slike høve var det ofte at mange av folka som var med desse båtane gjerne ville kome seg snarast råd til Borgund – Ålesund og då nytta dei denne snar-vegen utover. Slike tilhøve kom så ofte på at denne vegen vart kalla «Fjoremannsvegen».

Folk frå Brusdal og Reiakvam hadde ein snar-veg – ein gangsti når dei ville til kyrkje eller andre ærend til Skodje. Dei tok opp i austre del av Brusdal – over Innvik-skaret til Innvik og Digernes. Der fekk dei låne seg båt, eller nokon var hjelpsam og rodde dei over til Straumen eller Grindvik.

Den største framhjelp for bygdene i Skodje var då hovudvegen vart ferdig for trafikk.

Hovudvegen Tøsse til Ålesund vart ferdig 1838. Og så kom den eine bygde-køyrevegen etter den andre.

Vegen Skodje kyrkje om Fylling–Engsetdal–Tennfjord.

Om planlegginga og gjennomføringa av desse vegane har vi fått ei god utgreiing frå tidlegare *lensmann Bjarne Rekdal,* f.t. på Fylkesvegkontoret, Molde. Det var til stor hjelp for Skodje sogelag å få desse tiltaka så greitt framlagt av fagmann, og vi er svært takksame.

Skrivet vert gjengitt her:

Bru på gamlevegen til Skodje forbi Fylling

Biletet ovanfor er av den gamle Gyttebrua, den var bygd då vegen frå Skodje kyrkje til Fylling vart bygd. Vegen der – og brua – låg så lavt at når det var storflaum i elva og vatnet, hende det fleire gonger at vatnet stod ca. ein halv meter høgre enn vegen. Dette var farleg for dei som ferdast etter vegen. Særleg farleg før postføraren frå Tøsse forbi Fylling til Vatne. Dt var Lars Olsen Tøsse, eller sonen Lars Larsen som køyrde posten, og når flaumen var stor, gjekk vatnet opp i kjerre-akslingen. Og hesten hadde vanskar med å finne vegen. Når det ikkje høvde for Lars Tøsse å køyre posten, leigde han Johan Abelset, (Gaupeflog-Johan) til å bere posten. Og trefte det seg så at det var storflom, måtte Johan vasse over brua og vegpartiet. Johan fortalde at det kunne vere mørkt når han kom der. Då måtte han finne seg ein stav til å kjenne etter kvar vegen var så han ikkje gjekk seg i elva.

Han vart i alle fall våt heilt til knærne og meir. Det var ikkje rekkverk på brua. Brudekket var store steinheller. I 1936 var det ein lastebil som kom med eit stort gruslass. Då brotna ei av dei store hellene, men bilen og lasset kom seg over. Nokre år seinare vart vegen omlagt der, og ny bru bygt.

E.F.

Vegsamband gjennom Vatne og Skodje til Ålesund

Av Bjarne Rekdal

I 1823 søkte soknepresten i Borgund prestegjeld om at det vart arbeidt veg frå skyss-skiftestaden Eidsvik i Vatne sokn til garden Stavset i Skodje sokn, då ein slik veg ville vere nyttig for presten på reisene hans til, frå og mellom annekskyrkjene, og elles for reisande som for over Vatne-eidet, og til gagn for allmugen sjølv i desse soknene. Over Vatne-eidet – frå Os til Eidsvik – var det frå tidlegare allfarveg.

På same tid sende nokre allmugesmenn i Skodje sokn søknad om eit veganlegg frå Skodje kyrkje til garden Store-Fylling og vidare gjennom Engesetdalen til garden Tennfjord i Vatne sokn.

Etter at amtmannen på hausttinget i 1823 hadde innhenta fråsegn frå allmugen om desse veganlegga og høyrt fogden si meining, skreiv amtmannen den 19. november 1823 til konstituert vegmeister kaptein Dagenbolt om det til desse vegarbeida kunne avsjåast mannskap frå allfarvegen. Ein stor del av allmugen vart til så lenge fritekne for arbeid på allfarvegen for å arbeide eit visst dagtal årleg på dei nye veganlegga.

I samhøve med veglova av 28. juli 1824 heldt amtmannen den 18. juni 1827 samling med allmugen i Borgund tinglag på tingstaden Steinvågnes for å høyre allmugen sitt ønske om bygdevegar. I det bokførte frå denne samlinga og i skriv er opplyst at det i åra 1824–1826 av vegmeisteren var igangsett arbeid på desse bygdekøyrevegane:

1. Frå Skodje kyrkje mot Engesetdalen forbi den indre delen av Engesetvatnet til Store-fylling, ei strekning på omlag ½ mil.
2. frå Store-Fylling ned gjennom Engesetdalen til Tenfjord gard ved sjøen, omlag 1 mil, og
3. Frå Eidsvik skyss-skiftestad til garden Stavset, om lag ½ mil.

Det vart på samlinga gjort vedtak om å halde fram med arbeidet på dei nemnde vegane og om kven som skulle ha arbeidsplikt på kvar veg.

1. Vegen frå Skodje kyrkje til Store-Fylling skulle opparbeidast av oppsitjarane på Store-Fylling 3 mann, på Brune 1, på Langnes 1, på Lille Fylling 1, på Øvre Skodje 4, på Skodje-Reiten 1, på Yttre-Skodje 3, på Indre-Skodje 3, på Nedre-Skodje 4, til saman 21 mann som og skulle byggje dei 2 bruene som trongst.
2. På vegen frå Store-Fylling til Tennfjord skulle arbeidast av oppsitjarane på Store-Sæter 1 mann, på Øye 1, på Store-Engeset 4, på Lille-Engeset 2, på Indre-Ekrol 3, på Yttre-Ekrol 3, på Erstad 3, på Stigen 2, på Skar 2,på Græsdal 2, på Beite 2, på Klokset 2 og på Vadset 3, til saman 30 mann. På vegen trongst 3 bruer. Den største var allereie bygd av mannskap som tidlegare var tillagt arbeid på denne vegen.
3. Vegen frå Eidsvik til Stavset skulle opparbeidast av gardbrukarane i Vatne sokn, 113 i talet, med frådrag av dei 9 oppsitjarane på Eik, Hagset og Ramsli som høyrde til Romsdals fogderi, og dei 5 oppsitjarane på Klokset og Vadset som skulle arbeide på veg nr. 2. Derimot skulle dei 9 oppsitjarane på Stavset, Steinset, Myren og Opskar arbeide på vegen Eidsvik – Stavset. I alt vart det då 108 mann som skulle arbeide på denne vegen.

Då det på samlinga vart forklart at vegen frå sjøen til Vatne gard – om lag 1/8 mil – ikkje var i slik stand at han kunne køyrast med vogn, vart oppsitjarane på Krogseter, Hatlehol, Vatne-øygard, Vatnehaug og Vatne – til saman 17 mann – fritekne for alt arbeid på vegen Eidsvik – Stavset for året 1827 og for 1/3 for året 1828 for å setje istand vegen til garden Vatne til god køyreveg.

Det årlege arbeid vart fastsett til 3 dagar (om sommaren) av kvar gardmann og 1 dag av kvar plassmann.

I 1829 kom det 2 søknader til amtmannen frå nokre allmugesmenn i Vatne sokn om at vegen mellom Eidsvik og Stavset måtte sløyfast eller verte hovudveg. Amtmannen uttala at vegen allereie kunne ha vore i god stand om det årleg hadde vore synt flid i arbeidet etter dei vedtaka som var gjorde. Amtmannen fann ikkje å kunne tillate at arbeidet på vegen vart stogga, men at arbeidet skulle halde fram i samsvar med den avgjerd som vart teke i 1823 med den endring og føresegn som gjekk fram av tenesta den 18. juni 1827.

I 1824 hadde mennene på Brusdal sendt søknad gjennom vegmeisteren til amtmannen om bygdeveganlegg frå Utvik til Brusdal. Søknaden vart av amtmannen send fogden Landmark til fråsegn, men hadde ikkje kome attende til amtet. Denne vegsaka kom såleis heller ikkje opp på samlinga med allmugen i Borgund tinglag om bygdeveg-

vesenet den 18. juni 1827. Amtmannen opplyser dette i eit skriv til veginspektøren i Nordre Sunnmøre den 29. febr. 1828 og fortel at Peder Brusdal kom til amtmannen på tinget for Ørskog tinglag på tingstaden Honningdal den 25. juni 1827 og viste gjenpart av den innsende søknad. Gjennom lensmannen hadde amtmannen seinare innhenta opplysning om kven som ønskte denne vegen, og i skriv 12. april 1828 bad amtmannen om at veginspektøren heldt eit møte med dei 12 oppgjevne menn for å høyre om dei var villige til å opparbeide vegen og om korleis arbeidet skulle delast m.m. Den 4. juni 1828 heldt veginspektøren ei samling på garden Utvik med gardbrukarane på gardane Brusdal, Utvik, Reiakvam, Slettebakk, Rompen, Natvik og Tøssebrun. Det vart der vedteke at det under tilsyn av vegstyret skulle arbeidast køyreveg frå Brusdal til Utvik, ei lengde på om lag 1/4 mil, og fastsett korleis arbeidet skulle delast mellom dei 12 gardbrukarane på dei nemnde bruka. Dei som møtte, bad om å få tilført at arbeidet ville bli så stort at det var ønskjeleg å få fleire med i arbeidsplikta og dei nemnde i det høvet gardbrukarane på Innvik, Digernes, Saltkjelsvik, Mørkeset og Høvik. Etter ønske frå dei møtande om å kome i gang med opparbeiding av vegen, vart vegarbeidet påbyrja allereie sommaren 1828.

I skriv til amtmannen etter samlinga den 4. juni 1828 opplyste mennene på Slettebakk og Reiakvam at dei ikkje hadde fått innkalling til samlinga så tidleg at dei kunne møte. Amtmannen sende dette skrivet til lensmann Lund den 1. august 1828 saman med avskrift av tenesta som veginspektøren hadde halde den 4. juni 1828, og bad om lensmannen si fråsegn og om at den forkynte innkallinga vart medsend. Amtmannen bad og lensmannen halde samling med oppsitjarane på Brusdal, Utvik, Reiakvam, Slettebakk, Rompen, Natvik og Tøssebrun for å prøve få i stand ein avtale mellom dei om veganlegget. Dette møtet vart ikkje halde før 19. mars 1829 i Spjelkavik. Semje om opparbeiding av vegen kom ikkje i stand. Den 12. juni 1829 heldt så veginspektøren ei ny samling på garden Slettebakk med og etter oppmoding frå gardbrukarane på Utvik, Tøssebrun, Natvik, Brusdal, Slettebakk, Reiakvam og Rompen. Ved denne tenesta vart det vedteke at det under tilsyn av vegstyret skulle opparbeidast ein rideveg 4 alner brei frå Brusdal til Utvik, og det vart og gjort nytt vedtak om arbeidsytinga på vegen. Gardbrukarane på Brusdal skulle kvar arbeide årleg 6 dagar om sommaren og 3 dagar om hausten. Kvar gardbrukar i Utvik skulle arbeide 3 dagar om sommaren og 1 dag om hausten. Dei andre nemnde gardmenn skulle kvar arbeide 1 dag om sommaren.

Sett frå aust: Skodjebygda, Skodjevika, Svorta, Straumen, Digernes, Brusdal, Utvik, Vemøy, Stavset, Steinset.

Plassmennene under Brusdal og Utvik skulle kvar arbeide 2 dagar om sommaren. Minering som trongst skulle kostast av mennene på Brusdal og Utvik kvar på sin eigedom. Turvande bruer skulle kostast av mennene på Brusdal og Utvik etter same deling som arbeidet på vegen.

I februar 1831 kom det søknad frå ein del allmugesmenn i Vatne sokn på eigne og andre allmugesmenn sine vegner om fritaking for å arbeide på bygdevegen Eidsvik – Stavset eller at vegen vart opparbeidt og vedlikehalden som hovudveg. I søknaden var m.a. opplyst at når søkjarane i 1827 hadde vedteke å opparbeide denne vegen, så kom ikkje dette av den nytte dei såg seg i vegen, men av di dei trudde at dei ved å ta på seg dette vegarbeidet ville bli fritekne for arbeid på nye hovudvegar. Dei hadde no fått kunnskap om at dei ikkje kunne vente fritaking for arbeid på hovudvegen fordi om dei hadde teke på seg dette bygdevegarbeidet, og at dei såleis hadde vore i stor villfaring då vedtaket var gjort. Å gjere pliktarbeid både på hovudvegen og på denne bygdevegen og dertil koste nødvendige bruer og utreie vederlag for jordavståing, ville medføre større byrder enn dei kunne makte. Amtmannen sende søknaden til fogden til fråsegn og nemnde at det syntest vere mykje som tala for at bygdeveganlegga Eidsvik – Stavset og Utvik – Brusdal vart opparbeidd og vedlikehaldne som hovudveg etter at det ved kgl. res. av 25. juli 1828 var vedteke å byggje hovudveg frå Tøsse til Ålesund. Fogden, som var mellombels konstituert,

sende saka tilbake og bad seg friteken for å gje fråsegn då han ikkje hadde hatt høve til å skaffe seg turvande lokalkjennskap. Det vart så innhenta fråsegner frå sorenskrivaren i Nordre Sunnmøre (Krogh) og frå veginspektøren i Nordre Sunnmøre (kaptein Wisløff).

Sorenskrivaren meinte at ein ikkje burde sløyfe vegen mellom Eidsvik og Stavset, som det var kosta så mykje på, og heldt fram at det kunne verta ein nyttig kommunikasjonsveg når hovudvegen mellom Ålesund og Tøsse var ferdig og vegen frå Brusdal til Utvik var opparbeidd. På dette grunnlaget fann sorenskrivaren at vegen kunne verte hovudveg.

Veginspektøren uttala at det ville verte til skade for allmugen som budde kring Vatne-eidet og for mange reisande om vegen frå Eidsvik til Stavset, som nesten overalt var inngrøfta og på mange stader forsynt med fyll, skulle bli sløyfa. Hovudvegen over Vatne-eidet ville og verte til mindre nytte om vegen mellom Eidsvik og Stavset skulle gå ut. Veginspektøren trudde difor at vegen frå Eidsvik til Stavset burde vere hovudveg, av same årsak som over Vatne-eidet, og at det ville vere likeså nyttig og gagnleg at vegstykket frå Utvik til Brusdal vart hovudveg. Reisande kunne då heilt frå Vatne-eidet kome landevegen til Ålesund nær på den 1/4 mil breie fjorden mellom Stavset og Utvik. Men veginspektøren meinte at arbeidet på desse vegstykka ikkje burde setjast iverk før vegen mellom Ålesund og Tøsse var i full stand.

Amtmannen sende saka til Justisdepartementet den 30. april 1831. Han tykte at det liksom fall av seg sjølv at vegen over Vatne-eidet burde halde fram som hovudveg til Stavset og i samband med det at den påbyrja vegen mellom Utvik og Brusdal burde bli hovedveg. Hadde han hatt kjennskap til den sistnemnde passasje då han gav føreteljing om hovudvegen frå Tøsse til Ålesund, hadde han vel og tilrådd at begge dei nemnde veganlegga vart hovudveg, seier amtmannen i skrivet sitt til departementet. I samsvar med amtmannen si føreteljing gjorde departementet denne innstilling: «At de paabegyndte Bøigdeveie mellem Skydsskiftet Eidsvig paa Vatne-Eidet i Vatne Sogn og Stavseth i Skoue Sogn, samt mellem Udvig og Brusdal i Skoue Sogn, begge Veie beliggende i Borgens Thinglaug, maatte anlægges som Hovedveie, dog saaledes at det med sammes Oparbeidelse beror, indtil Hovedveien fra Tøsse til Aalesund er fuldfærdig.»

Den 16. august 1831 vart det gjeve kongeleg resolusjon i samsvar med innstillinga. Hovudvegen frå Tøsse til Ålesund vart ferdig til rote- og stykkedeling i 1838.

Engesetdal sett frå aust: Fyrst Engeset, Ekroll, Beite, Erstad og Stige.

Våren 1841 skreiv Arne Knutsen Stafseth og Paul Rasmussen Stafseth til amtet med spurnad om vegen frå Eidsvik til Stavset ville bli fullført eller skulle sløyfast. Dei meinte dei hadde rett på noko vederlag for skade på engmark ved den tidlegare oppkasting av vegen. Dei hadde ikkje før gjort krav på dette, då dei ville vente til veganlegget var istand, men då det no var gått 2 år sidan hovudvegen frå Tøsse til Ålesund var ferdig og arbeid ikkje var kome igang att, ville dei gjerne ha ei ordning. Amtmannen sende skrivet til veginspektøren, som uttala at det kanskje var på tide å ta til att med arbeidet på vegen Eidsvik – Stavseth, men veginspektøren meinte at vegen først måtte utstakast over alt, og at det deretter vart gjort akkord eller halde takst på grunn. Om dette skreiv og veginspektøren til Arne og Paul Stafseth, som i skriv 10. juli 1841 svara at vegen frå Eidsvik til Stavset overalt var utstaka og for det meste oppkasta og at det same var gjort med vegen frå Utvik til Brusdal. I slutten av juli 1841 var amtmann Thesen på synfaring for å sjå på utstakinga av desse vegstykka.

Etter skriv frå veginspektøren av 14. februar 1842 heldt sorenskrivaren i Nordre Sunnmøre saman med fogden, lensmannen og tilsagde vegrotemenn ei teneste på Slettebakken den 1. april 1842 for å fastsetje korleis talet på arbeidsdagar for opparbeiding av vegen Eidsvik – Stavset og Utvik – Brusdal skulle delast på dei ymse gardar i Bor-

gund tinglag etter skyldverdet. Den årlege arbeidsplikt vart sett til 1 dag for kvar halve skylddalar – slik at gardar med opptil 1/2 skylddalar skulle arbeide årleg 1 dag og gardar med over 3½ skylddalar skulle arbeide 8 dagar, som var det høgste årlege dagtal. Ein dags arbeid av mann med hest vart rekna for 2 dagar. For året 1842 vart arbeidet tidfest til å ta til den 13. juni.

Den 3. juni 1842 sende Johannes Tørlen og 8 andre menn skriv til Romsdals amt om at det i kombinert formannskaps- og representantmøte for Borgund prestegjelds landdistrikt og losse- og ladestaden Ålesund i april 1842 var vedteke at ordføraren skulle sende søknad til Kongen (sendt 30. april 1842) om at veganlegga frå Eidsvik til Stavset og frå Utvik til Brusdal vart «stilt i bero» etter di alle sakkunnige fann at desse veganlegga etter dei endra tilhøve ikkje ville svare til føremålet. Vegane ville komme til lite nytte og medføre både tidsspille og mykje kostnad, som truleg kunne nyttast betre på annan måte. Då ein ikkje kunne vente søknaden avgjort med det første, og tida for påbyrjing av arbeidet etter ordre frå amtet var fastsett til 13. juni 1842, søkte brevskrivarane, som sa dei uttrykte ønske frå kommunane i prestegjeldet, om at amtet utsette iverksetjing av arbeid på dei nemnde veganlegga til utfallet av søknaden til Kongen låg føre. Amtmannen sende skrivet til veginspektøren med påskrift at amtet såg det for rettast at omskrivne vegarbeid vart utsett til søknaden om stansing av veganlegga var avgjort.

Ved høgste resolusjon av 24. desember 1845 vart det teke denne avgjerd:

«At den under 16de Aug. 1831 afgivne høieste Resolution, hvorved det er bestemt, at de da paabegyndte Bygdeveier mellem Skydsskiftet Eidsvig paa Vatneeidet i Vatne Sogn og Stavsæt i Skoue Sogn samt mellem Udvig og Brusdal i Skoue Sogn, begge Veie beliggende i Borgunds Thinglag, skulle anlægges som Hovedvei – naadigst ophæves.»

Amtmannen gav i skriv 24. februar 1846 melding til veginspektøren i Nordre Sunnmøre om resolusjonen, og la til at det etter vedtak av Borgund sine formenn og representantar skulle opparbeidast bygdeveg gjennem Skodje anneks i retning mot Dragsund eller Solnør såleis at det vart samanhengande veg frå Eidsvik forbi Engesetdalvatnet til verande hovudveg.

I samhøve med amtmannen sitt skriv av 24. febr. 1846 gjorde veginspektøren med tiltekne menn i juli 1846 gransking for anlegg av bygdeveg frå hovudvegen ved Dragsund til Skodje kyrkje i samband

med veg etter tidlegare vedtak om Engesetdalvatnet til Eidsvik. Amtmannen godkjende utstukken vegline i skriv 20. mars 1847 og fastsette same dag at heile arbeidsstyrken i Vatne og Skodje sokner skulle arbeide på bygdevegen gjennom Vatne og Skodje.

Bygdevegen frå Eidsvik om Engesetdalen til Skodje og Dragsund kom med i ny rote- og stykkedeling halde over alle vegane i Skodje tinglag etter vedtak av Skodje kommunestyre den 13. juni 1863. Vegen som var 25.919 alner, vart delt i 6 roter (frå og med bygdevegrote nr. 2 til og med rote nr. 7) med til saman 136 stykkehavarar. Rote nr. 1 av bygdevegen i tinglaget var den tidlegare hovudvegen frå sjøen ved Os til sjøen ved Eidsvik (over Vatne-eidet) 4.418 alner lang, som var nedlagt som hovudveg etter vedtak av amtsformannskapet i 1856.

I 1853 sende oppsitjarane på Brusdalen og Utvikstranda søknad til Skodje kommune om veg over Brusdalsfjellet. Om denne veglina seier veginspektør Hertzberg i skriv 18. januar 1859 at vegen må ta til ved nausta på Utvik og byggjast i fleire slyngningar opp bakken til flatare terreng, og at vegen deretter for det meste kan følgje derverande gangsti til hovudvegen i Brusdalen.

Om vegen frå Eidsvik til Tennfjord – 1/4 mil – er opplyst i same skriv at vegen allereie er opparbeidt og i køyrbar stand, og at frå Tennfjord til Stavset – 5/8 mil – følgjer veglina ein gamal postveg nedlagt ved kongeleg resolusjon i 1827.

Det vart ikkje før 7. april 1877 at Skodje heradsstyre gjorde vedtak om å godkjenne vegstykka Tennfjord – Stavset og Utvik – Brusdal, saman med andre vegar, som bygdevegar når dei var sett i fullferdig stand av dei interesserte. I september 1888 gjorde veginspektøren synfaring og godtok etternemnde nye vegar i Skodje tinglag, som dermed vart opptekne som offentlege bygdevegar:

1. Frå hovudvegen nedanfor Brusdal til Brusdalsnausta og Natvik, 3.320 m.
2. Frå framanfor nemnde veg om Innvik til hovudvegen nedanfor Svorta, 4.513 m.
3. Frå hovudvegen innafor Flåte gjennom Glomsetbygda til Heggebakk, 6.508 m.
4. Frå Skodje til Vadset, 8.208 m.
5. Frå Engeset til Storsæter, 2.762 m.
6. Frå Tennfjord til Steinset, 5.078 m.
7. Frå Eidsvik til grensa på Grytestranda, 4.303 m.

8. Frå Slyngstad om Helland og Skår attende til Slyngstad, 26.052 m.
9. Frå Vatnesjøen til Krogsæter, 6.911 m.
10. Frå vegskilet ved Ulvestad til Vestnes grense, 18.844 m.
11. Frå Håbet til Dryna, 6.600 m.

Til saman 93.099 m.

Bygdevegar, gardsvegar og bruer

Av Elias Fylling

Fylling bru vart bygd på anbud av Elias J. Store-Fylling, for 89 sp.d. 60 skilling.

Engeset bru vart bygd på anbud av Ole Salamonsen Skaue, for 90 sp.d.

Erstad bru vart bygd på anbud av Jørgen S. Lille Fylling for 15 sp.d.

Vegen Engeset–Storsæter–Øie vart bygd 1877.

Kvelvingsbrua over Engeset-elva vart bygd av Petter P. Ekroll. Elles var det stor innsats av bygdefolket frå Engeset, Storsæter og Øie.

Vegen til Skar vart ferdig i 1909, med stor innsats av oppsitjarane.

Vegen til Beite og Grasdal vart ferdig 1928.

Ein veg frå hovudvegen ved Lille-Engeset over Ekrol indre og ytre Ekroll til Grasdalsvegen og Erstad er bygd av oppsitjarane.

Denne vegen overtok kommunen mot at den vart halden vedlike.

Knut og Johan Strand bygde seg gardsveg – som bilveg – frå Engeset over Velhje til tunet sitt 1948–1949, med litt vegfondsbidrag. I 1939 arbeidde dei veg austover til fylkesvegen.

Åra 1930–1933 var Fyllingsriset omlagt. Den gamle vegen var svært bratt og på vinterføre ubrukeleg for rutebussar og større bilar.

År 1955 vart gardsvegen frå den nye fylkesvegen på Fylling mot skulehuset og Langnes omlagd til skulehuset.

År 1950, M. J. Ødegård, eigar av gnr. 57, bnr. 2, bilveg til tunet i nedste Brune.

Knut Kassnes stelte mykje på sin gardsveg frå Langnes i åra 1949–1950.

Frå busshaldeplassen på Fylling mot Sollid – 1 km – er det bra bilveg.

Av bygdevegar i Skodje vart i møte den 27. april 1877 av Skodje kommunestyre vedteke:

1. Valdevegen–Storvågen–Heggebakk.
2. Vadset–Stettebygda – gjennom Straumsdalen til Skodje.

Åra 1908–1909 vart bygd veg Stette–Stafset.

I åra 1862–1882 bygde Kristoffer Aurdal, Digernes, veg frå hovudvegen (Digernesskiftet) til Innvik grense. I medgift med kona si – Marie Christensdatter Sorthe – fekk han begge bruka i Saltkjelsvik (der var då husmenn) og Digernes. Der var og ein husmann.

Etter kvart som arbeidet med vegen skreid fram, hogde han årstalet inn i fjellhammarar i vegkanten. I 1882 var han komen til Innvik grense. Derifrå mot Utvik vart vegen bygd seinare av andre.

Bjarne Rekdal skriv i si utgreiing om vegane at i 1829 vart det halde møte av veginspektøren med oppsitjarane frå Utvik, Tøssebru, Natvik, Brusdal, Slettebakk, Reiakvam og Rompen om å opparbeide ein fire alner brei rideveg frå Brusdal til Utvik.

Furulivegen vart bygd til Furuli ca. 1890–95. Til Solnørdal 1929. Vegen til Hanslia ca. 1900. Vegen til Ytreberg vart ferdig ca. 1952.

I 1911 var arbeidet med Straumsbrua sett i gong, og vart ferdig med dei turvande tilkøyringsvegar i 1922.

Vegen frå Straumen over Stette til Vatne vart fornya og ny bru over elva på Vadset vart bygd.

Vegen Stette–Mauren var frå først av bygd som lettare bygdeveg og tolde lite belastning.

Då brua over Taftesundet til Ellingsøy vart bygd, vart det med ein gong sterk auke i trafikken og svært tung trafikk så dei lette vegane over Tennfjordkleiva og over Stette kunne ikkje tole det. Difor er det no i arbeid tidhøveleg veg frå Taftesund mot Stette. Den vert truleg ferdig innan ei rimeleg tid.

Vegen Valle-skiftet mot Magerholm er mykje breiare og sterkare no og der er stor trafikk.

Vegen Digernes-skiftet, Innvik, Utvik, Høyvik er mykje vølt, men her er truleg meir å gjere for trafikken aukar.

Fylkesvegen Engesetdal–Fylling–Skodje treng utbetrast, og ei betre tilknytting til riksvegen på Skodje.

E.F.

Søndmøre Praktiske Landhusholdningsselskap gav i fleire år premie til dei personar som med interesse og velvilje tok imot rettleiing i praktiske tiltak i alt arbeid med jord, dyr og husstell.

Det var eit par personar i kvart sokn – dei som hadde stor tillit – t.d. presten, som gav tilråding til påskjøning.

Skal her nemne dei i Skodje som fekk premie:

1774. Asbjørn Rassmussen Erstad, for steingjerde, 8 famner, 8 riksdalar.
1774. Povel Pedersen Stige, for steinhus 5 riksdalar og for jordnybrot 2 riksdalar.
1775. Jakob Sjursen Sortevik, for flid og vindskibelighet 4 riksdalar.
1775. Povel Pedersen Stige, for steingjerder, 8 riksdalar.
1775. Anders Jetmundsen, Indre Beite, for steinfjøs, 3 riksdalar.
1776. Svend Einarsen Store Fylling, steingjerde, 1 spesiedalar.
1777. Paul Pedersen Stige, for humleavl, 5 spesiedalar.
1777. Ole Andersen Brusdal, for flid og vindskibelighet, 4 spesiedalar.
1777. Gunder Pedersen Græsdal, for flid og vindskibelighet, 3 spesiedalar.
1778. Lars Christensen Storsæter, bygt fæhus av stein, 10 riksdalar.
1778. Povel Larsen Lille Engeset, steingjerde, 8 riksdalar.
1778. Lars Jetmundsen Øie, steingjerde, 5 riksdalar.
1778. Peder Knutsen Store Engeset, steingjerde, 3 riksdalar.
1779. Størker Knutsen Strømmen, for veiter, 2 riksdalar.
1779. Lars Christensen Storsæter, åkerbrudd, 4 riksdalar.
1779. Arne Hansen Stor Engeset, steingjerde, 4 riksdalar.
1779. Peder Knutsen Stor Engeset, for potetavl, 84 skilling.
1779. Brite Larsdatter Beite, for veving, 1 spesiedalar.
1779. Kanutte Knutsdatter Strømmen, for veving, 1 spesiedalar.
1779. Jon Olsen Beite, for vindskibelighet, 1 spesiedalar.
1779. Iver Ingebrigtsen Engeset, 1 spesiedalar.
1810. Ole Larsen og Lars Størkersen Abelvik, akerbryting, 6 spesiedalar.
1812. Nils Nilsen Ytre Skodje, for fjøs av stein, 5 spesiedalar.
1812. Ingebrigt Salmonsen, Skodje, for jordforbedring, 5 spesiedalar.
1812. Nils Nilsen Digernæs, for nydyrking, 4 spesiedalar.

E.F.

Liste over soldatar frå Skodje som vart sendt til Danmark:

1759: Aslak Eriksen Glomset, 24 år, tent ved regimentet 2 år.
Per Ivar Strømmen, 27 år, tent ved regimentet 5 år.
1761: Jon Ingebrigtsen Fremmerlid, 27 år, tent ved regimentet 5 år, sendt til Holstein.
Lars Larsen Indre Skodje, 25 år, tent 8 år, sendt til København.
Peder Jensen Strømmen, 30 år, tent 8 år, kommandert til Holstein.
1759: Nils Andersen Reiakvam, 29 år, tent 5 år, kommandert til København.
1761: Aslak Eriksen Glomset, 27 år, tent 5 år, kommandert til København.
Rasmus Ivarsen Ytrelid, 27 år, tent 5 år, kommandert til Holstein.

I tidsskriftet for Sunnmøre Historielag 1937/38 er skrive om Danebrogsmannen Syvert Olsen Hatlemark frå Sykkylven. Han var furer i N. Nordfjord kompani. I felttoget 1813–14 var han ved Magnor. Der kom dei i kamp den 3. mars. Feltvakta på 22 mann vart overmanna. Dei vart tekne til fange og ført til Sverige. Mellom desse var og ein sunnmøring frå Skodje, Lars Tormodsen Midtlid. Ei segn fortel at Lars Tormodsen Midtlid var tambur i krigen. Han var fødd i Midtlid, foreldra var Tormod Pedersen og Martha Jakobsdatter, born: Paul Midtlid, Martinus Gamlemshagen, Jakob, Syvert, Olave.

Vi veit ikkje om fleire sunnmøringar som var med Syvert Hatlemark. Etter eit langt fangenskap kom dei heimatt. Dei fortalde at maten var skral, lite brød, men mest gammalt og magert hestekjøt.

Det var dårlegast med sengeplassen. Ikkje sengklede og berre lite halm. Dei sa det var meir lus enn halm dei låg på. *E.F.*

Frå krigsåra 1916-1917

Vel 100 år etter at unge norske menn vart sendt til Danmark i krigsteneste, vart dei unge norske menn innkalla til militærteneste og vakthald i vårt eige land. Den første verdskrig byrja i 1914, og det trengtes vakthald.

Biletet under er frå treningsleir på Setnesmoen 1916, der ein liten flokk – mest frå Skodje – får seg ein liten «pust».

Desse er: 1. rekke frå høgre: 1. Ingvald Flåte, 2. Martin Stavset. 3. Knut Vadset, 4. Emil Stafset.

2. rekke frå høgre: 1. Elias Fylling, 2. Synes, 3. Sverre Brusdal, 4. Blindheim.

3. rekke: 1. Molnes, 2. Johan Glomset, 3. Sivert S. Engeset, 4. Berner Vadset.

Biletet under er frå 1917. Nokre av vaktkompaniet over hjelpekryssaren «Berlin», som var under arrest i Lofjorden, Trøndelag. Det var «tunge dagar». I tillegg til mange vanskar vart spanskesjuka brutal i kompaniet. Eit brakkerom måtte ved nyttår takast til sjukehus med sjølvbetening. Ein 8–10 sterke ungdomar låg i høg feber – blødde naseblod på golvet i mange dagar – utan å kunne – nær sagt –

tenkje eller snakke. Mat eller drikke smakte dei ikkje på mange dagar. Ingvald Flåte frå Skodje, (nr. 1 i første rekke frå høgre i det øvste biletet) døydde der i Lofjorden med ein flokk hjelpelause ungdomar frå Skodje rundt seg.

Og fleire av dei sjuke i brakka viste lite kva som hende. Martin Stafset, nr. 2 frå høgre i øvste biletet, var då på sildefiske utanfor Kristiansund. Ein morgon kom dei ikkje innatt. Han var med ei stor ishavsskute – truleg minesprengd.

E.F.

Vemøy

Vemøy, gnr. 34, bnr. 1 i Skodje

Før 1950 var alle brukarar av dette bruk leiglendingar. Det var berre eit tun – ein brukar. Sambandet med fastlandet var med båt, og med omsyn til almuesskulen låg Vemøy til Innvik krins.

I ætta frå Vemøya finn ein mange flinke felespelarar – frå eldre tid, og til no. Om desse skal vi ikkje gå lenger attende enn til brukar Paal Paalsen, f. 1808. Han vart gift 1830 med Anika Iversdatter Brune, og dei vart brukarar av Vemøya. Anika tente først i Straumen, og der vart dei kjende. Dei fekk desse borna: Størker, f. 1818. I 1851 vart Størker Paalsen gift med Hanna Knutsdatter Lille Engeset, og sette bu der. 1855 vart syster til Paal – Ivrine – gift med Lars Knutsen Lille-Engeset, og dei sette bu på Vemøya. Paal Paalsen var ein mykje stor og kraftig kar, han målte 74 tommar. Paal og Anika hadde desse borna: 1832 Ivrine Marta, 1836 tvillingar, Knut Andreas og Lars Petter.

1839 døyde Paal. Han hadde visst øydelagt seg med tunge tak. Som før nemnt vart Lars Knutsen (f. Lille Engeset) gift 1855 med Ivrine Paalsdatter Vemøy, og bryllaupet stod på Vemøy, men dei vart vigsla i Vatne kyrkje. Dei måtte først ro til Oppskar, så gå over Oppskarkleiva til Tennfjord, og vidare til Vatne. Som skikk var, hadde dei ein spelemann med. Han gjekk føre brurefylgjet og spela jamt. Det var farbror til brudgommen som gjekk føre og spela (Størker Lille-Engeset).

Det vart travelt og gå så langt og samstundes spele fele. Brudgommen – Lars Knutsen Lille-Engeset syntes merke på musikken at no trøytna spelemannen. Då dei kom på Vatne-eidet, sa brudgommen til spelemannen at no kunne han kome og leie bruda, så skulle han sjølv bruke fela. Heile brudefylgjet høyrde med ein gong at no var det ein annan spelemann, no var det brudgommen – meisterspelaren – som ville spele for brura inn i kyrkja.

Sverre S. Fylling

Etter den tida hev det vore mange mykje flinke felespelarar av Vemøyætta. Til dømes Ludvik Vemøy, Vadset. Ein anna mykje flink felespelar av denne ætta, er Sverre S. Fylling. Han er soneson av Størker Lille-Engeset. Sverre er f. 1904, og utvandra til Amerika i 1925, og er busett i Washington. Han har vore to gonger heime og vitja slekt og venner i Norge.

På dette biletet viser då Sverre hadde fått 1. premie i felekappleik i Seattle. Han står og held premien.

Ein av dei siste brukarar på Vemøy var Knut Andreas Larsen Vemøy, f. 1867, vart gift 1892 med Joakime Britanusdatter Vadset, og vart brukarar av Vemøya. Dei fekk desse borna: 1892 Inga, gift med Peder Eidskrem, vart busett i Skodje. 1896, Anna, g. 1921 med Jørgen Græsdal, busett på Dyrøy. Lars, f. 1898, g. med Karen Stormyr. Han arbeidde som formann til firmaet Tennøe & Skaar, Brattvåg, Bjarne. f. 1900, g. med Edel Larsen, utvandra til Amerika, busett i Seattle, Washington. Han hev drive som større entreprenør i byggefaget, og er ein mykje akta mann.

Då Knut Vemøy overtok bruket, var det små og dårlege hus på garden. Men der var mykje furuskog. Han hogde seg nok furu til stove, fekk dette saga til 3" plank, men ikkje kantskore. Fløta det frå saga til Vemøya, og stabla det opp for tørking ved byggeplassen. Knut hadde ikkje vore med og bygt slike hus, og ikkje hadde han

pengar til å leige andre bygningsmenn. Nett då held nokre øvde bygningsfolk på og tømra ei stove i fjøra ved Digernes. Dei var nys komne i gang. Knut rodde dit tidleg neste morgon. Han kjende godt dei som arbeidde der, og dei kom i prat. Han fylgde godt med i alt arbeid, men sa ikkje noko om ærendet. Då bygningskarane gjekk til gards for å få middag, var Knut med, han var velkomen, for der var godt grannelag. Etter middag var Knut med heile dagen, og fekk forklart ymse. Då bygningskarane slutta til kvelds reiste Knut heim.

Neste morgon tok Knut laust til Digernes att, og det gjekk som første dag. Tredje dagen tok Knut og laust, og det vart godt utbytte av kvar dag, og middag fekk han. Bygningskarane skjøna kva ærendet var, og gav han mykje rettleiing. Med desse få rettleiingar, starta Knut tømringa av stove til seg sjølv. Det vart mykje tungt og langvarig arbeid for ein mann. Men han fekk opp ei pen stove, og huset trengdst, for barneflokken auka.

Men no møtte Knut vanskar i denne sektoren og, for barneskulen var i Innvik, det var eit drygt stykke å ro dit kvar skuledag, og så hente borna att på ettermiddagen. Denne skuleskyssen tok for mykje av arbeidstida til Knut. Han prøvde å få innlosjere borna med gode folk i Innvik, men det var uråd. Knut tenkte mange gonger vel over den stode han var komen i, og så borna si framtid. Og han verdsette og seg sjølv. Vel overtenkt kom han til denne planen: Han ville tilby Skodje skulestyre å skule sjølv heime på Vemøy borna sine. Han visste med seg sjølv at han var flink til å lese, skrive, rekne og synge, men og til å spele orgel. For han hadde bygt seg eit orgel sjølv til å spele på, og eit orgel til bygde han og det fekk Innvik skulehus. Det var godt brukbare orgel begge to. Både til bruk i skulen og til bruk i kristelege møter i Innvik, kom orgelet som Knut laga særleg til nytte.

Då Knut hadde planen heilt klar, sende han skriftleg søknad til Skodje skulestyre om løyve til sjølv å skule borna sine i sin heim, etter skulelova sine krav.

Skodje skulestyre handsama søknaden på første møte, for det var ei vanskeleg sak for skulestyret og dette. Med tvil vart søknaden tilrådd, og sendt skuledirektøren for godkjenning.

Saka vandra att og fram frå skuledirektør til skulestyre, men vart godkjent på prøve eit halv år, til eksamen kunne haldast for borna i Innvik eller Skodje, med spesielle sensorar.

Då eksamen var halden, kom det klart fram at borna frå Vemøy

låg over gjennomsnitsstadiet i kunnskap i forhold til alle andre skuleborn i Skodje sokn.

Knut Vemøy fekk dermed løyve til, sjølv å skule borna sine fram til dei vart konfirmert.

Seinare i si ungdomstid og etter dei vart vaksne, held dei mål med sine jamnaldringar – kvar dei kom i si tid.

Det var interessant å møte Knut vemøy etter han var gammal, han syntes sjølv å ha god tid, og ville gjerne fortelje frå eldre tid, og det hadde han særleg godt lag til. Han kunne fortelje så fengslande om helg og yrke frå farne tider. På sine gamle dagar syntest han det var urett å leggje vegarbeid på han, som ikkje sjølv kunne nytte anna veg enn sjøen, for alltid måtte han nytte båt, når han skulle frå eller til-Vemøya. Like fullt vart han pålagt eit vegstykke på Brusdalsfjellet. Kvart år måtte han dit på vegarbeid, og måtte då leige hest og vogn til dette arbeidet.

Dei siste åra levde Knut på Skodje Aldersheim, og han var tilfreds med det. Der døydde han, i 1960, men gravlagd i Brattvåg. Sonen Lars hadde heimen sin der.

E. Fylling.

K.P. **Aarskog** A.S

Jernvareforretning

Alesund

Attåtnæring — Handverk — Fellestiltak

1. del.

I det fylgjande skal vi sjå litt på kva folket i våre bygder nytta tida til utanom gardsarbeid. Urettvist er det kan hende at eg berre tek for meg den nøre luten av kommunen, men eit grundigare arbeid som skulle ta føre seg alle bygdelaga ville krevje lang tid og verte svært arbeidsamt i denne omgang. Likevel trur eg at dette oversynet gir eit nokolunde tverrsnitt av det handverksarbeid som vart utført frå gammal tid og fram til første luten av vårt hundreår.

Den som har auge for det, ser at det rundt på gardane finst ting arbeidt for hand, frå ei tid då folk måtte vere sjølvhjelpte med både bitande og slitande. Det er verktyskaft, river, rokkar, ljåsorv, hespetre, vevstolar, trekjerald og av husflid er det vel helst dei finaste vovne tinga som kvinnene hadde æra for. Ofte må ein undrast over kva dei fekk til. Leitar vi etter finare kunsthandverk frå denne tida, vil vi finne lite av det. Mest berre bruks- og nytteting vart laga, det gjeld for heile Sunnmøre. Sjølvsagt fanst her unnatak – også hjå oss.

Amtmann Thesen skreiv i 1861 at husfliden på Sunnmøre berre gjekk ut på tilverking av brukssaker, klær, fiskegarn og andre reiskapar. I «Budstikken» for 1814 heiter det at der «ingen synderlig kunstferdighet var blant innbyggerne. . .» Det harde slitet spegla seg av i det som vart laga – kvardagen sine krav gav ikkje stunder til å stulle med ting som var berre til pynt. Sjølvsagt var det fleire enn dei som er nemnde her som var nevenyttige og sette spor etter seg som handverkarar, men ofte har tida løynt samanhengen mellom mannen og verket han gjorde. Her har funnest meir enn ein altmoglegmann på bygdene våre.

For å byrje med ein av dei mest særmerkte av desse sjølvlærde «tusenkunstnarane», må vi ta fram Nils P. Engeseth, Skar (1766–1850). Denne Nils hadde teknisk givnad utom det vanlege og

han var vidkjend som ein overlag nevenyttig kar. Han sette undring i folk med arbeida sine.

Eit av dei største meisterverka hans som vi kjenner til, er ei klokke der han laga heile urverket av tre. Ein urmakar i Ålesund skal ha sett på klokka og ovundrast over kor noggrant ho var laga. Denne klokka vart liggande på loftet på Skar fram til vår tid. Så hende det at Peder L. Engeseth frå Skar (elles kjend som ein av landet sine fremste leiarar innan rutebilnæringa) leita fram att klokka – den mangla nok einskilde delar. Ein urmakar sette ho saman for han og ein treskjerar skar ei talskive til klokka. Slik heng den på veggen hjå Peder L. Engeseth på Hønefoss.

Då det vart vanleg å ta i bruk kjerrer med hjul i staden for slede, kring 1860-åra, var det mang ein som fann attåtarbeid som hjulmakarar. Første vognhjula som kom i bruk var nok grovt laga og utan jarnskoning. Dei vart gjerne brukte berre på slettaste vegane.

Den første hjulmakaren ein veit av i våre bygder var Johan Olsen Skodje, brukar på Nedste-Skar, Engesetdal i 1840 og frametter. Brørne hans var Johannes (Gamle-Johannes) i Johannesgarden, Erstad og Sivert på Lille-Engeset. Johannes var flink gråsteinsmurar. Det er han som har sett opp gjerdsgarden av stein mellom Erstad og Beite.

Knut O. Stette, som flytte til Beite arbeidde også hjul. Dei aller mest kjende for produksjon av vognhjul og som dreiv dette langt meir enn andre var folket i Øiane, fremste (Austre) garden i Engesetdal. Lars H. Øie tok til med dette handverket i førre hundreåret og fekk etter kvart sønene til hjelp. Dei laga vognhjul og trillebørhjul. Materialane tok dei mest av eigen skog. Det er ikkje få hjulpar som har «trilla» ut frå Øiane gjennom mangfoldige tiår. Så gjekk der og eit ordtak i bygda som sa at «i Øiane er der (h)jul heile året.» På denne garden bygde dei opp ein småindustri med tilverking av hjul som hovudsak. I elva like ved tunet demde dei opp og sette i stand eit lite kraftverk, for det leid langt fram før det vart lagt kraftleidningar til Øie.

Hjularbeidet gjekk i arv frå faren til sonen Bernt som m.a. hadde dette til attåtnæring i lang tid. Ja, det varte vel til gummihjula og traktoren tok over i landbruket. Øie-Lars var også mann for å lage halmristarar til nokre av dei første treskemaskinane som kom i bruk her i bygda.

Ein annan hendig hjulmakar av seinare dato var Peder L. Solhaug (f. 1876). Han skjønna seg forresten på litt av kvart og var kjend

for sitt handlag og for kvaliteten på arbeida sine. M.a. arbeidde han rokkar og vognhjul, smedarbeid kunne han så pass at han skodde hjula og. Som treskjerar var han dugande og han skar både figurar og roseskurd. Utan tvil hadde han gode kunstnarlege evner, om han hadde brydd seg med å utvikle dei vidare, ville han kanskje nådd langt. Som bygningsmann var han vel mest kjend, og mange vakre bygningar sette han opp. Våningshusa pryda han ofte med mønster og skur, skaparånda hans viste seg også i desse arbeida. Det var han som bygde det staselege huset på garden Klokset, Vatne. Diverre brann det ned for få år sidan.

Siste åra han levde budde han og kona på aldersheimen i Skodje. Peder var då over 80 år, men likevel litt treskurd vart det og denne tida. Ein mann som var kjend vide for sitt fine og samvitsfulle arbeid. Staseleg, rakrygga og staut var han å sjå til og, med ei haldning som ein militær kunne misunne han.

Litt eldre enn Peder var Joakim Tomas Andreas Ekroll (f. 1868) frå Jørngarden. I eit kammers der på garden hadde han snekkarverkstad. Det seiest at Peder var læregut hjå Joakim, som også var bygningsmann. Der i kammerset laga han ymse slag møbel etter den tids trong. Det skal finnast eit skrivebord på garden av hans produksjon.

Til rundt ikring midten av 1800-åra hadde tresking av korn vore utført med nokså primitiv reiskap. Men då kom dei første treskemaskinane i bruk og avløyste slugene. Det var ei stor omvelting på det område – eit stort lette for gardbrukarane. Det var slett ikkje ingeniørar og skulelærde folk som konstruerte alle desse nye treskeinnretningane. Ofte var det vanlege kvardagsmenneske, oppfinnsame og hendige og vakne for dei nye framstega.

Vilhelm Berntsen Nedrebø, Skodje, fann opp ein treskemaskin, alt i 1847 var den ferdig. Av han lærde kanskje andre rundt på bygdene denne kunsten. Han konstruerte og ein slags trekkekniv med dobbel tanngard som vart nytta av kiprarar og til anna arbeid.

Ein annan som gjorde seg kjend for framstilling av ein treskemaskin, var Lars Olsen Fylling. Han oppnådde å få premie for sin maskin på den såkalla Moldeutstillinga. Det er skreve om han i årsskriftet for 1977.

Treskemaskinar var det fleire som prøvde seg på. Mellom andre brørne Karl Skar og Øistein Beite. Karl var flink med trearbeid og laga t.d. stolar og ymse gardsreiskap som river, orv til ljåar, kjelkar

og sledar. Det var oppe på stoveloftet i Midtre-Beite at desse to laga sin treskemaskin.

I grannegarden, Pettergarden, Indre Beite var dei ikkje ringare. Maskinane dei laga var «slagmaskinar» som hadde ein tretrommel der det var festa lekter på tvers, pålagde bandjarn. Petter P. Beite (Gamle-Petter) dreia og rokkar. Andreas, bror til Petter laga ein slags vindemaskin til å vinde opp tråd på. Ei «merkverdigheit» var den sykkelen av tre Gamle-Petter arbeidde seg. Hjula likna rokkehjul med skoningar. Dette må ha skjedd kring hundreårsskiftet. Ludvik Græsdal kjøpte sykkelen.

Lars Knudsen Engeseth på Skar var skomakar av yrke. I 28 år hadde han sitt arbeid i militærforlegninga på Setnesmoen der han avanserte til handverkarsersjant. Det var før 1900 han byrja der. Budde der og etter at han var gift, ei tid med heile familien. Hesteselar var ein av dei tinga han sydde, og ein må tru at det var av han dei lærde kunsten slike som Ole Beite og Ole J. Erstad. (Begge vart kalla Gamle-Ole). Å sy grimer av lær høyrde også til dette handverket. Lars Knudsen var den første her ikring som kunne sy beksaum. Øvde skomakarar, mellom andre Lars Olsen Stige, fekk lære dette av han.

Ein vi ikkje skal gløyme i denne samanheng, er Johan Storsæter som ei tid hadde gard på Storsætra i Engesetdal, men sidan flytte han til Skodje. Han var like god bygningsmann, sjølvlærd urmakar og sykkelreparatør. Hans vise råd til folk som klussa med stoveklokkene sine var: «Ikkje røyv skruane – berre smør, so gjeng ho.» Betre råd kunne in ikkje gi til amatørar som helst ville byrje med skruane.

Eit handverk som utvikla seg til litt av ein industri i Skodjebygdene var kipringa (bøkkararbeidet). Tyngda av dette arbeidet vart nok etter kvart utført i Skodjebygda. T.d. i Engsetdal gjekk ein meir over til å lage mindre trekjerald slik som ottingar, kvartel og trebøtter. Kipringa var for mange ei god attåtinntekt. I 1930 skriv lektor Einar Knudsen i Ålesund og Sunnmøre – tilhøyrande serien Kjenn ditt land: «Takket være skogen er der også vokst opp en småindustri som nesten hver mann driver. Det er fabrikasjon av sildekasser og sildetønner, som er blitt en Skodje-spesialitet. Gjennomsnittlig tjener folk en 12–1400 kroner pr. år ved trevareindustrien.»

Det kom elles særskilde lover om fullbanda tønner. Dei skulle ha eit jarnband i toppen attåt trebanda. I 1890-åra var prisen pr. tønne 1,50 til 2,00 kroner. Var dei ikkje tette, vart det berre halv pris. Dei

nytta då tønnene til varer som ikkje lak ut slik som sildelaken gjer.

Ein av dei første vi veit av i Engesetdalen som kipra trekjerald var Einar Kristoffer Rasmussen Tøsse (1824–1914), i Pe-Larsgarden. Men det er sonen Lasshau'-Elias eller Elias Rasmus Einarsen Ekroll (1854–1949) som vel er ein av dei best kjende bøkkarane frå våre bygder. Verkstaden sin hadde han i kjellaren. Iherdig som han var, må det vere i tusental han kipra, mest då ottingar og kvartel.

Elias hadde skogteig i Skodjemarka og derfrå tok han mykje av materialane som skulle til og fekk dei saga og stelt ved sagbruk på Fylling. Ved sida av garden dreiv han i yrket heilt til sine siste år. Under 2. verdskrigen var det stor spurnad etter bøkkarvarer. Mykje av kjeralda sine leverte han hjå Rønneberg i Ålesund, og var han i byen, måtte han alltid innom der.

Tidlegare ute med kiprararbeid var kan hende Petter Engeset i Nedste Vads-Pegaren. Han var kjend som ein drivande kar som nytta tida godt. Morgonane stod folket opp klokka fire. Vinterstid når dei arbeidde i marka var dette sjølvsagt for tidleg til å sjå å arbeide utadørs. For å nytte tida, måtte då tenestegutane kipre ei tønne før dei gjekk ut morgonen – og likeins ei om kvelden etter at dei var komne i hus. Det var skikken.

Her fanst skreddarar som for frå gard til gard med verktyet sitt. Underleg er det å tenkje på at grunnleggarane av dei to eldste daglegvarebutikkane på Skodje, Johs. Vadset og L. P. Fylling, begge var utdana skreddarar.

Nemnast må Sivert Johan Larsen Beite (1866–1949) som var utlærd skreddar. Dei første åra av sitt aktive yrkesliv var han ein av dei omreisande handverkarsveinar som det var mange av den tida.

Eit arbeid av meir særskild karakter hadde Laurits Lille-Fylling Kassnes. Han var gift med Ingeborg Sylfestdtr. Fivelstad, båe frå Sunnylven. I 1890 kom dei til Brune i Fyllingsbygda. To år seinare kjøpte dei Kassnes, ein av grannegardane. Laurits kunne seg med blikkenslagararbeid. Det var brukvisa på bygdene den tidda, ja, like fram til djupfrysarane og kjøleskapet kom, å hermetisere kjøt og fiskemat i blikkdåsar. Det som skulle «leggast ned», som dei sa, vart kokt og deretter lagt i dåsar, så lodda dei att dåsane for så å koke dei endå ein gong. Dermed kunne dei få greie på om der var lekkasje, om der det var måtte arbeidet gjerast oppatt. Denne «dåsinga» som loddinga vart kalla utførde Laurits, han var etterspurd over heile soknet dertil både i Tennfjord og Vatnebygda.

Haustane i slaktinga vart det sjølvsagt knapt om tid for han, og

det hende nok at folk fekk vente på han Laurits. Dåsane laga han sjølv, likeins lodda han saman mjølkespanner. Han var slett ikkje så nøyen med om det vart nattarbeid – ofte kom han til gards leid på kvelden og dreiv på til utpå morgonsida. Då hende det at han reidde seg til på kjøkengolvet og sov ei stund før han for heim med loddesakene sine. Slik var han ikkje kravstor.

Laurits var kjend som ein våghals på isen, han var gjerne den første som prøvde seg når isen fraus til og den siste som våga å gå den om våren. Sjølv om det er sett på spissen, så er det fortalt at den eine dagen gjekk han over vatnet på isen – neste dag var isen borte. Dette kan vel best forklarast med at det er ingen som har «kjent» isen på Engesetdalsvatnet betre enn han Laurits.

Vidare budde det i Engesetdal ein gråsteinsmurar som heitte Hans Petter Torbjørn Pedersen Ekroll (1847–1926). Til dagleg vart han kalla Petter og under det namnet er det at ettertida kjenner han. Ein flink murar var han. Mellom anna bygde han fleire av desse vakre kvelvingsbruene, Saghaugbrua i Engesetdal er ei av dei. Ein gong var han i Barstadvika og sette opp ei slik bru, men folket der tvilte på om brua ville stå når stillaset vart rive bort. «Ho stende!» sa Hans Petter, og det gjorde ho sjølvsagt og, til «barstingane» si store undring. Han var med å bygge Ålesunds kyrkje 1906..

Desse små glytta inn i fortida sin kvardag gjer ikkje krav på å dekkje all verksemd som gjekk føre seg. «Kveldsete – og vintershandverka» femnde nok vidare både med omsyn til utøvarar og kva som vart laga. «Dei gav oss ein arv til å gøyma. . . » desse trugne slitarane, medskaparane av vår bygdekultur.

Eit par fellestiltak må kome med her, dei viser at folk følgde med i tida og utviklinga. Det mest omfattande føretaket for si tid var utan tvil

Engsetdalens meieri

Leid mot slutten av 1800-åra vaks dei små bygdemeieria fram i Møre og Romsdal, kring hundreårsskiftet var her såleis 170 meieri. Vår landslut eksporterte i desse åra og i første delen av 1900 meir smør til England enn heile resten av landet til saman. Smøreksporten var i 1898 frå vårt fylke 708.013 kg. Før denne meieridrifta kom i gang, må det ha vore problem med omsetninga av mjølkeprodukta. Kommunikasjonane gjorde det vanskeleg og strevsamt å nå inn til byane på våre kantar. Området her hadde også sitt eige vesle meieri, men før dette tiltaket kom i gang, var det andre som prøvde med

meieridrift i Engesetdalen. I 1890 kjøpte såleis O. A. Eidsvik, handelsmann i Eidsvika, ein separator og kinne som han installerte i storstova på Lille-Engeset. Seinare flytte Eidsvik dette meieribruket til Erstad der han leigde hus hjå Joakim Erstad. For at det skulle bli lettare for Eikrolsbøndene å levere mjølka i sætretida, leigde han og storstova i Jørngarden, Græsdal. Setrejentene gjekk då øvste setreråsa morgonane frå setra. Medan meieriet heldt til på Erstad, seiest det at gardbrukarar både frå Tennfjord og Eidsvik leverte mjølka si der. Om lag på same tid hadde Karl Hatlen meieri på Engeset i Minst-Olagarden.

Handelsmennene såg nok litt forretning i meieridrifta. Så i 1896 vart Engesetdalens Meieri skipa, det var gardbrukarar frå Engesetdal, Fylling og Skodje som støtte tiltaket. Ole K. Engeset (Minst-Ola-Ole) gjekk i brodden og han vart formann i meieristyret. Dei to første åra heldt dei til i kjellaren hans Ole medan meieribygget vart planlagt og bygt. Huset til meieriet stod ved Kassnes-elva (Meierielva) i Engeset si utmark på nordsida av Fyllingsreset, sør om vegen ved Meierisvingen.

Meieriet var avhengig av vatn for å drive maskinane. Ein reddast for at Laushammarelva ikkje hadde stor nok vassføring til å halde med vatn åleine. Fyllingsbygdarane og engesetdalingane vart difor samde om å legge grøft frå elva som renn ned Øvrelia og føre den saman med Laushammarelva. Eit stort arbeid med den tids reiskap.

For å sikre seg i turkebolkar, grov dei seg ei stor demme i Gylsmyrane, og bygde demmegar av jord og stein. Herfrå grov dei grøft til ein mindre vasskomme, som hadde rom til eit døgn vassforbruk. Frå denne vasskomme hadde dei 4" røyr til vasshjulet.

Sjølve meieriet var bygt i ei og ei halv høgd. Første høgda var delt i to rom. I det rommet som separatoren stod, var også ein avkjølingskum. Oppe på loftet var det meierska budde. Eit ishus høyrde også til, det bygde dei med doble veggar og mellom veggane var fylt med sagmugg. Is til kjøling skar dei med handsager i Engesettjønna like nedfor meieriet. Det hende at vatnet svikta og då måtte ein ty til handkraft for å dra separator og kinne. Dette var arbeid som kravde sin mann, og det gjekk sjølvsagt på skift. Med to sterke karar som var noko meir enn andre til slikt arbeid, var Rablelthau'-Ole-Petter og Plasse-Elias frå Storsætra.

Meieriet hadde brønn til reint vatn oppunder «Reset». Vatnet i det

store bassenget heldt dei for ikkje å vere reint nok i smørpdoduksjonen. Sommarstid bar dei vatnet – vinteren vart det køyrt. Det var ei tid på tale å legge trerøyr frå brønnen til meieriet, men Minst-Ola-Ole meinte på at røyra ville sette smak på vatnet og føre til ringare kvalitet på smøret. Og gardbrukarane retta seg etter han. Ingen torde våge på at smørprisen gjekk ned grunna dårlegare kvalitet. Kvart øre kom vel med.

Mjølkeleverandørane delte seg i køyrelag. Å få bli med far på morgonturen til meieriet var stor stas for smågutane den tida.

Engesetdalens Meieri var slett ikkje mellom dei minste av dei mange bygdemeieria. Ein statistikk for året 1905 viser at det låg på 21. plass i mjølkemengde mellom langt over 100 meieri i Møre og Romsdal med 194 000 kg. Dei tok då mot meir mjølk enn t.d. meieria i Tennfjord, Sjøholt, Sylte i Tresfjord, Elvebakken Vatne og Vatnebygden Meieri.

Bygdemeieria låg ofte litt avsides til – dei måtte plasserast der det var lagleg med vatn. I denne samanheng kan det høve med ei soge som R. P. Mork fortel i boka si om Meieribruket på Møre til 1930: «Ei meierske hadde eit meieri som låg ved hovudvegen, men elles borte i utmarka. Når kåte ungdomar gjekk framom seint på kvelden eller natta mora dei seg med å kaste stein i meieriveggen. Ho vart til slutt så redd at ho måtte reise frå osten.»

Eit er sikkert – meierskene arbeidde hardt for heller låg løn. R. P. Mork skriv: «Hvor meieriet ble drevet med vasskraft, var arbeidet til dels lettare, men det ble større spann og kar, og til dels kostbare apparater å ta vare på. . . .»

På eit møte i Kristiansund vart det sagt at einskilde meiersker hadde berre 10 kroner månaden i løn, 15–20 kroner var nokså vanleg. Då det vart meiersker med skuleutdaning å få, vart løna vanleg sett til 25 kroner for månaden i tillegg fri meieriprodukt.

Arbeidsordninga ved smørmeieria den tida var om lag slik: Klokka fire om morgonen auste dei opp fløyten frå fløytetønna. Den skulle då vere tjukk og jamn og frisk sur. Så skulle den avkjølast til kjerningstemperatur, om sommaren 12–15 grader C og vinterstid 16–20 grader C. Ei gryte eller panne med vatn var gjort ferdig og kjerna måtte skyllast med varmt og kaldt vatn før fløyten vart fylt oppi. Så måtte temperaturen kontrollerast endå ein gong før kjerninga tok til. Kjerninga tok om lag ein time. Ei tid var det skikk og slå ein heil del vatn i kjerna når smøret mest var ferdig. Og når kjerninga stogga, skulle lok, kjerneris og innsida av kjerna skyllast godt ned. Vat-

net som vart brukt til dette måtte vere særskilt reint og ha ein temperatur på to grader lågare enn kjerningstemperaturen.

Då det vart vanleg å bruke saupet, måtte ein slutte med denne overlags skyllinga. Smøret vart teke opp omhugsamt og skylt med varmt og kaldt vatn av same slag og temperatur som det ein brukte til kinna. Deretter tok eltinga til – å elte med hand var tungt arbeid, men i første elting var smøret mjukt. Så låg smøret til luftkjøling med eit stykke smørgas eller pergamentpapir over. Seinare vart det kjølt av i vatn.

Alt dette arbeidet skulle vere ferdig når mjølkekøyrarane tok til å kome i 8–9-tida. Då var det naudsynt at arbeidet gjekk greit unna. Ein av mjølkekøyrarane måtte varme mjølka i panna medan meierska vog inn. Når separeringa var over og køyrekarane reist, måtte smøret takast til siste elting. Dette arbeidet måtte gjerast nøyaktig. Om det var for mykje vatn att og dette hadde mjølkefarge, så måtte eltinga halde fram. Fanst der slett ikkje vatn, var smøret for mykje elta. Etter at alt anna var unnagjort var det til slutt å take til rettes så ein var klar til neste arbeidsdag.

Meierska kunne vere ferdig om lag i firetida på ettermiddagen, då kan ein tenkje seg at ho var trøyt, og her kjem eit mørkt kapitel i «de gamle smørmeieriers historie,» som R. P. Mork seier. Og han held fram: «Trettheten var slik at det oftest ble å lunke litt på «Svarten» (kjelen), ta et par brødskiver og så gå til sengs. Mange av meierskene ødela sin fordøyelse og til dels sin helse. Meiersker med liten orienteringsevne kunne arbeide til sent på kveld for å bli ferdig.» Så langt Mork.

Ved Engesetdalens Meieri var vanleg tilsett ei meierske, men det hende at ho hadde ei lærejente til hjelp. Diverre finn ein ikkje namna på alle meierskene ved vårt bygdemeieri, men m.a. desse var tilsette som meiersker der: Johanne Vik, Vikebukt, Karen Strand (gift med Knut Strand), Ingeborg Engeset (gift med Johan Engeset), Ane Ramstad (gift med Bastian Ekroll). Ei av dei siste meierskene var Marie Beite (f. Dypdal, Stordal gift med Lars Beite). Ho hadde tidlegare vore ved Sunnylven Meieri saman med si eldre syster, Lisa. Marie hadde gått meieriskulen i Ålesund. Ho er nå langt over 80 år gammal.

Ein må tru det er av interesse å ta med ei liste over dei som leverte mjølk til meieriet i 1898 saman med mjølkemengda. Ver merksam på at kårfolk også sende mjølka si til meieriet.

Ole K. Engesæt	7.245,4 l	Lars Solhaug	1.890,1 l
Lars B. Øie	5.332,9 l	Andreas L. Langnæs	5.064,6 l
Ingebrigt O. Storsæter	4.417,9 l	Tore O. Lille-Fylling	2.441,8 l
Petter J. Engesæt	6.668,1 l	Laurids K. Lillefylling	1.781,9 l
Lars K. Fylling	6.148,0 l	Andreas T. Langnæs	1.486,3 l
Petter E. Fylling	3.753,1 l	Erik Fylling (Bakken)	470,7 l
Ole S. Engesæt	5.063,4 l	Jakob P. Ekrol	4.422,9 l
Kristofa Pdtr. Engesæt	1.584,7 l	Gregorius Skodje	1.685,6 l
Marte J. Fylling	5.419,8 l	Østen Ø. Skodje	1.970,3 l
Ole Størkersen Engesæt	3.476,3 l	Petter J. Brune	1.586,9 l
Bernt K. Ytreskodje	862,4 l	Johan J. Brune	1.827,8 l
Vilhelm A. Skodje	1.996,2 l	Petter B. Fylling (bøen)	560,7 l
Elias T. Skodje	2.070,9	Ivar J. Ekrol	3.629,4 l
Lars Østgård	1.315,6 l	Joakkim E. Erstad	2.853,9 l
Petter N. Ytreskodje	2.863,2 l	Karl J. Skodje	1.256,3 l
Jakob M. Skodje	3.92,1 l	Johan E. Nedrelid	833,8 l
Johan O. Skodjereit	2.912,2 l	Ole L. Beite	3.285,6 l
Tomasine J. Græsdal	3.585,7 l	Karl R. Skar	2.787,1 l
Karl Fylling	2.329,3 l	Lars K. Skar	3.362,7 l
Kristen A. Skodje	2.574,7 l	Halkjeld Erstad	2.485,4 l
Severin B. Skodje	1.413,1 l	Jetmund P. Ekrol	2.211,8 l
Lars P. Skodje	2.004,0 l	Oline Stige	1.314,0 l
Petter K. Lid (ytre)	4.320,1 l	Ole J. Erstad	1.903,9 l
Einar R. Ekrol	953,9 l	Knudt P. Græsdal	1.899,9 l
Petter P. Engesæt	3.892,3 l	Daniel S. Fylling	1.245,9 l
Lars D. Ekrol	1.635,5 l	Lars O. Nedrelid (Bakken)	1.593,5 l
John Eliasen Fylling	2.448,3 l	Andreas B. Ekrol	1.134,8 l
Lars H. Skodje	2.442,4 l	Bretanus J. Ekrol	579,8 l
Anders P. Ytrelid	1.026,7 l	Jetmund N.	
Lars Larsen Skodje	2.400,4 l	Lillefyllingsstrand	1.799,0 l
Petter O. Skodje	2.312,2 l	Petter P. Ekrol	3.359,2 l
Petter B. Skodjevåg	5.087,1 l	Erik Fylling (Teinhaug)	897,6 l
Sivert J. Engesæt	3.119,6 l	Bretanus S. Fylling	947,9 l
John O. Skodje.	3.246,6 l	Ingeborg A. Ekrol (Ytre)	1.993,6 l
Ingebrigt I. Storsæter	6.101,1 l	Østen R. Beite	2.470,9 l
Lars N. Skodje	3.218,6 l	Tore Ekrol (Braute)	1.801,9 l
Ole L. Ytreskodje	1.477,8 l	Lars Lille-Fylling	1.333,0 l
Elias J. Storsæter	2.381,0 l	Gunder L. Engesæt	1.487,0 l
Ole R. Engesæt	1.976,1 l	Johan Larsen Beite	615,4 l
Elias E. Ekrol	3.480,3 l	Knudt O. Beite.	828,4 l

Prisen på mjølka dette året (1898) varierte frå 4,5 øre til 7 øre literen, det var ikkje likt for kvar månad. Til leverandørane vart det i året betalt ut 11.089,04 kroner. Kassainnhaldet ved års slutt var på 398,97 kroner. Rekneskapen er underskriven av Lars Larsen og Kristen A. Skodje.

Av «Revetionsantegnelse til Meieriregnskaberne for Aar 1898» tek vi med:

1

Bemærkning til Meiersken Bog no 1 er i Kladden opført med 0,4 desiliter paa den 25. januar men er ikke indført i Melkebogen.

3

Bog No 50 er i Kladden opført med 3 dage for September maaned men ikke indført i Melkebogen.

4

Bog no 74 a er i Kladden opført med 11,5 Liter for Februar men paa Melkebogen er kun indført 11 Liter.

3

Bog no 55 for Oktober beregnet med 1 desiliter formeget.

2

Bog no 20 for Januar 1 øre forlidet.

Endvidere kan bemærkes at mange af Melkebøgerne mangler Kvittering og endel er Pris og Pengebeløb ikke anført i Melkebøgerne men kun i Kassebogen og er iøvrigt Koregt.

Vi kan berre slå fast at meieriet var eit stort og prisverdig tiltak. Høyr berre kva R. P. Mork seier: «De var primitive mange av disse meierier, det er sant, men når kanskje unntas den nåværende melkesentralordning (1939), har neppe noe jordbrukstiltak hatt den reddende virkning som just disse tarvelige foretagender hadde det i den overmåte vanskelige tid for jordbruket, særlig i midten av 90-årene.»

Engesetdalens meieri vart oppløyst, mjølkeprodusentane kjøpte andelar i Sunnmøre Mieier, og leverer der.

«Gamlehjemmet»

Kvifor denne verksemda vart kalla «Gamlehjemmet», har det ikkje lukkast å finne årsaka til. Kan hende var det fordi det var oppsett av ei gammal stove.

Truleg var dette ein av dei aller første freistnadene i våre bygder på å sette i drift produksjon av trevarer på fabrikkmessig vis. Dei

framtøkne karane som stod for dette tiltaket var Ole. A. J. Erstad, broren Johan J. Erstad, Ludvik Græsdal og Peder Solhaug (han er nemnd føreåt). Og ein må seie at dei var tidleg ute.

I 1906 kjøpte desse fire ei gammal stove av Nils K. Digernes og bygde den oppatt på Joakim Erstad sin eigedom. Den stod på Elvebakken nedom og aust for tunet i Joakimgarden, Erstad. Tuftene etter denne tidlege «fabrikkbygninga» finn ein ennå der ved elva. Tomta var leigd og dei betalte leige for året. Parthavarane ordna seg på føreskreven vis og kontrakta mellom dei frå året 1907 lyder slik:

Kontrakt

Mellem undertegnede er dags dato indgaaet følgende kontrakt:

1. Et arbeidshus er kjøbt af Nils K. Digernes for en kjøbesum av kr. 82,50 der blev betalt i fællesskab af undertegnede parthavere.

2. Huset blev opført paa Joakim Erstads eiendom høsten 1906.

3. Tomten omfatter husets grundvidde, samt en del søndenfor huset der er udstikket. Det hele har et areal af. . . .? kvm. 4. Skulde der blive tale om større plads forbeholdes ret til udvidelse af tomten mod en passende godtgjørelse.

5. Den aarlige godtgjørelse for nævnte areal er kr. 1.00 – en krone – pr. aktive.

6. Eierne af arbeidshuset forbeholder sig ret til vandkraft fra elven, hjemtaget fra Joakim Erstads kverndam og ligeledes ret til faldet ved arbeidshuset saalenge parthaverne er eiere af dette.

b. Dog uden hevdsret.

7. Julet eies i fællesskab, og bruges både til træskning for Joakim Erstads gaardsbrug og til brug under arbeidet paa arbeidshuset.

8. Sag med saghus blev kjøbt af Elias Ekrol, Ole Johannesen og Ole Joakimsen Erstad for en kjøbesum af kr. 45,00. Dette blev slig fordelt at Elias Ekrol skulde have 15 kroner i kontant og 5 kroner skulde der sages for tils. Kr. 20. Ole Johannesen 10 kroner, Ole Joakimsen 15 kroner.

9. Nævnte saghus skal opføres over vandhjulet og skal tjene baade til hus over hjulet og til alm. saghus.

10. I tilfælde arbeidshuset skulde sløifes paa en eller anden maade forbeholder parthaverne sig ret til saghuset saalenge de er eiere af dette. Forøvrigt som i pungt 6 b.

11. Skulde nogen af undertegnede vilde sælge sin part. Det vil sige baade arbeidshuset og saghuset, som begge dele skal følge under ett,

skal enhver af disse varsle de andre parthaverne, og hvis ikke de vil indløse hans part har han lov at sælge til hvem som helst.

Erstad den 2den Januar 1907.

Som eiere:

Ludvig Græsdal	Ole A. J. Erstad
Johan Erstad Valbø	Peder L. Solhaug

Maskinane dei rådde over var ein fresemaskin, ein høvlemaskin og ei bandsag dertil dreiebenk og sjølvsagt høvlebenkar. Som nemnt i kontrakta var der tilbygt eit saghus for «storsag». Attåt snekkararbeidet dreiv dei med litt saging både til eige bruk og til andre som leigde dei.

Leigd arbeidshjelp hadde dei og, m.a. Ivar Solhaug (d. 1918), son til Peder var læregut der. Han skal ha vore ein lovande trearbeidsmann. Endre A. Ekroll arbeidde på denne verkstaden ei tid, han gjekk elles lære hjå Peder Solhaug og vart seinare ein dugande snekkar og bygningsmann, kjend vide om. Han både tegna hus og bygde dei, det er Endre som har tegna «Dølehall», ungdomshuset i Engesetdal bygt i 1931. I 1933 var han formann då Harøy kyrkje vart bygt.

Det var helst vintrane at dei arbeidde i verkstaden på «Gamlehjemmet», når onnearbeidet på gardane ikkje kravde deira innsats. Maskinane vart drivne med vasskraft. Prisane på det dei laga var nok ikkje til å bli rike av i ein fart. Verktyet dei brukte synest for oss å ha vore rimeleg i innkjøp. Likevel trur eg at øra dei trong til dette ikkje var så lette å kassere inn. Gratis arbeid vart sikkert også utført ikkje i så liten grad. Som døme på verktyprisar tek vi med at for eit bandsagblad betalte dei 0,69 kroner på kvar.

Det går fram av eit papir at noko av maskinane var P. Solhaug si private eige. Det heiter:

«Min fulstendige Eiendom
Bandsagen stattiv kr. 5,00
Sirkelsagen kr 15,00
en Slibesten med stattiv kr. 6,00.

Det var bruksting dei laga slik som hjul, stolar og ikkje minst vindauger og dører. Den sistnemnde produksjonen tok Peder Solhaug unna då han som nemnt dreiv i bygingsfaget.

Akkurat kor lenge denne verksemda var i drift, har det diverre ikkje lukkast å få skikkeleg greie på, men truleg vart det slutt rundt i kring 1920-åra. Så lang levetid vart ikkje «Gamlehjemmet» laga, men det vitnar om folk med tru på framtida og som våga å satse.

Til slutt må det vel nemnast at verkstaden vart lånt ut til dans i festlege høve t.d. i bryllaup og til sætredans. Her var nok heller smått med forsamlingshus den tida.

L. Giske

Uhlens Transport A.s

GODSBILRUTER

Ålesund — Oslo

Ålesund — Bergen

Ålesund — Trondheim

Ellers:

KJØLEVOGNER — SEMITRAILERE
for transport i inn- og utland

Telefon 24 888 Ålesund

Sildenotlag i Skodje

Av Amund J. Midtlid og Olgar Stenseth

Gjennom alle tider har silda vore eit ettertrakta fiskeslag. Silda si framferd ved å gå i store stimar, og i mange høve ved å gå i store mengder opp på grunne vikar og vågar, gjer at ho har vore lett og fange.

I sin beskrivelse over «Fogderiet Søndmør» skriv Hans Strøm i 1764 om silda: «Sild er en bekiendt fisk som årlig falder her i ubeskrivelige mengder, og haver hidinntil indbragt landet anseelige fordeler.» – Hans Strøm nemner og sildenota.

Her er mange gode sildevågar i Skodje. Me kan nemne Honningdalsvika, Solnørvika, Skodjevika, Straumsvågane, Stettevika og Mørkesetvågane. Rundt desse veit me med visse at det frå gammalt har vore notlag. I ei særstode såleis må ein rekne med at Honningdalen, Glomset og Solnør var. I det desse gardane var i eige av velståande menn og handelshus som rådde over mange rettar. Og ein må og tru at dei nytta seg av den innkome som silda gav. For å nemne nokre namn her: I Honningdalen Ole Larsen Abelset, Peder Jetmundsen Honningdal, og hans etterkomarar. Og seinare kjøpmann Hammond og Meclenburg. – På Glomset Anders Olsen Glomset, Nils Ingebriktsen Glomset, og lensmann Jetmund Ottesen Glomset. – På Solnør den rike Abelset-slekta, og seinare Daae-slekta. Ein må rekne med at desse hadde notbruk så langt attende som not har vore i bruk på våre kantar. – Og rundt år 1800 og utover veit me med visse at det var sildenøter i Honningdal, Glomset, Skodje, Straumen, Stette, Steinset og Mørkeset.

Dei notlaga som me skal gje ein liten omtale av i dette oppsetet er dei såkalla *stornot-laga* som vart byrja skipa for om lag 150 år sidan, og som vanleg vart skipa som lutlag med ti–tolv eigarar.

Når ein brukar ei nemning som stornot, må ein og ta omsyn til ti-

da ein talar om. For det er klart at det vil vere relativt. Dei største nøtene som vart nytta for 150 år sidan – tunge og uhandterlege – bundne av heimespunnen tråd. Og som ein måtte vere ti–tolv mann for å handtere, var mindre enn dei lette og handtlege kastenøtene av nylon som vert nytta av to–tre mann i våre dagar.

Korleis utviklinga har vore fram gjennom tidene for dei ymse notlag, er det i dag uråd å gje noko heilt rett svar på. Men tenkjast kan det at to eller fleire av desse eldste notlaga har slege seg saman, og at det var opptaket til dei første stornotlaga.

Og me skal her prøve å gje ein liten omtale av dei stornotlaga som me veit om har vore – og til dels frameis er – heilt fram til våre dagar.

Honningdal og Glomset:

Det siste stornotlaget på desse gardane bar til dagleg det luftige namnet «Flagermusa». Det kan og nemnast at eit anna kastenotlag på Glomset bar namnet «Trekløppå», så Glomset-karane heldt seg til landfuglane når dei namna nøtene sine.

Kva tid dette stornotlaget vart skipa, er det helst ingen i dag som veit. Men truleg er det eit av dei eldste stornotlaga vi hadde i Skodje. Det var truleg i god gjenge alt i 1870-åra. Og ved århundreskiftet i 1900 – var desse bruka medeigarar i dette notlaget. Rabben, Honningdalsnes (2 partar), Nesvik, Honningdal (2 partar), Hauen (Glomset), Ivagarden, Nilsgarden, Leita og Ytrevik. Notanaustet stod i eldre tid i Honningdal, men blei seinare flytta til Honningdalsnes. Medan Notahenget stod på Hengeneset.

I den siste tid laget var liv laga, hadde det og notbåt med motor. Medan det vanlege var at notbåtane hadde fire årar – og dei største båtane hadde og seks – med ein mann på kvar år.

Den tid dette notlaget hadde si blomstringstid var det eit svært aktivt og veldrive lag. Og med si laglege plassering til dei beste sildevågane – som Solnørvika og Honningdalsvika – var det store mengder med sild dei tok fram gjennom åra. Så i sildetida vart det gjerne til at karane «låg med nota» både tidleg og seint. Folk som enno hugsar desse dagane i frå sin barndom har fortalt at det då var vanleg å gå med «notamat» til karane. Det var no helst middagsmat. Og då var det ikkje alltid så lett og finne karane, for dei flytta ofte på seg utan noko varsel. Ein gong det vart mykje gåing i så måte, var det at ein smågut som var så trøytt av og bere på spannet med mid-

Når dei var på Solnørvika, hende det av og til at dei tok inn hjå ein av Solnør-plassingane for å koke seg sild når dei hadde det, og ete nista si.

Ein gang dei var i Lauvika hjå Lauvik Sevrin, hadde ein av ungdomane som var med teke almanakka til Sevrin og pakka ho inn og lurt ho ned i nisteskreppa til ein av dei eldre karane. Då mannen tok til å pakke opp nista og fann den mjuke pakken, så seier han: «I dag trur eg kånå he' sendt med meg løfse».

Det vart som ein kan tenkje seg stor lått rundt bordet då almanakka til Sevrin kom på bordet.

«Gamlelaget» heldt fram til siste heimskrigen. Det var ikkje så gode sildeår i mellomkrigstida som før. Siste gongen laget tok sild som var noko å nemne, var hausten 1933 på Solnørvika. Då var der store mengder med feitsild, og notlag frå mange kantar av landet tok del i fisket.

Laget har ikkje vore oppløyst, men når gamlekarane slutta, vart det slutt av seg sjølv.

Ein epoke i Skodjebygda si soge var slutt.

I staden for stornotlaga, vart det etter kvart mange mindre kastenotlag i bygda. Vi skal ikkje ta med dei her. Men vi skal ta med eit lag som var til frå hundreårsskiftet og framover til 1920-åra.

Dei som var med i det laget, var dei tre gardbrukarane på Ytre-Skodje, Ole Andreas Ytreskodje, Peter N. Ytreskodje, Bernt K. Ytreskodje og frå Indre-Skodje Peter Thomas Skodje. På folkemunne vart dette laget kalla for «Pinå».

«Holmelaget» i Skodje:

I 1917 vart det skipa eit nytt notlag i Skodjebygda. Det vart kalla Holmelaget fordi dei bygde notanaustet sitt på ein holme ut for Prestegardslandet. Etter den tid har holmen vorte heitande Notaholmen. Naustet vart ikkje bygd nett med det same, så før det kom opp, køyrde dei nota opp i prestegardsløa og hengde ho til tørk der.

Dei som var med i laget var gardbrukarane ifrå Indre-Berg og Ytre-Skodje for det meste. Desse var med: Ingebrikt Berg, Karl O. Berg, Johan Birkelund, Ludvik O. Skodje, Nils P. Skodje, Mikal Skodjereite, Lars Moe Karl Th. Fylling, Peder Skaue, Johan Skaue og Sakarias Ødegård. Då Johan Skaue seinare flytta her ifrå, selde han parten sin til Jostein Valde. Og Karl P. Skodje kjøpte parten til

Sakarias Ødegård. Iver Skodjevåg var og med i laget, men det er noko uvisst om han var med frå starten av eller om han kom med seinare.

Dei kjøpte eit notbruk frå Otrøya i Romsdalen. Nota var sværande djup til å vere på våre kantar. I alt 15 famner. Og etter ei tid vart ho og forandra til å verte 11 famner djup. Noko som høvde betre her. – Både notbåt og spelbåt var spisstemningar, så dei vanta dei vanlege notrullane akter. Men det var gode båtar, og karane bygde på dei siderullar. Dertil hadde dei gode spel til å drage fram nota med. Holmelaget var i det heile eit meir tidsmessig lag enn Gamlelaget, og vart ein hard konkurrent når silda søkte mot land.

Lars Moe var bas det meste av tida, og var den drivande kraft i laget. Og fram gjennom åra vart det mange og gode fangstar på dette laget. – Siste gongen dei opplevde det store sildeeventyret var truleg for dette laget også sommaren 1933 på Solnørvika.

Men med dette stornotlaget – som med dei andre – var deira tid forbi. Og i 1942 vart laget oppløyst. Not, båtar og naust vart seld til eit notbøteri i Spjelkavika.

Solnørlaget:

Dette sildenotlaget er kan hende det eldste stornotlaget som me veit om her i Skodje i dag. Ingen ting er tidlegare skrive om det, og ingen som lever i dag veit noko anna enn det som har overlevd ved tradisjon.

Og tradisjonen fortel at det var Tormod Pedersen Midtlid som levde i åra 1813–1899 som var bas og styrar for dette laget. Det er og fortalt at det var jakt, fiske og fangst som var hans store interesse og dugleik. Så det ligg nær og tru at han ikkje var så gammal før han var med og dreiv sjøen. – Og tidfeste noko årstal for når laget vart skipa, eller ha noko meining om korleis det voks fram, er uråd. Men det er fortalt at Tormod hadde med seg brukaren i Skodjevåg, som i den tidbolken var Gunder Jensen Skodjevåg og hans ettermann Peter Daniel Berntsen. – Frå Sundsbakken Endre Jørgensen og seinare sonen Peter Sundsbakk. Frå Lauvik Peder Jetmundsen Løvik. Og så er fortalt at alle som hadde plass undan Solnør var med. Om kaptein Daae på Solnør var medeigar og plasskarane brukte for han, eller om plasskarane sjølve var medeigarar, veit ein ikkje. Det er truleg at minst ti mann var med når nota var i bruk.

Den 22. juni 1872 er det skrive bygselsetel frå kaptein Daae på Solnør til notlaget på ei nausttomt ved Dragsundet for eit åremål av 20 år. Men truleg er det at notlaget har vore i gjenge før denne tid, og at dei no bygg seg naust på ein særs lagleg stad. Naustet stod på berga tett vestanfor Dragsundet og på sørsida heilt til sjøen mot Høllen. Nausttomta var i festesetelen oppgjeven og vere 18 alner lang og 10 alner brei. Som og truleg var størrelsen på naustet. – Tett ved naustet, – truleg på vestsida av dette – mura karane seg eit barkekar av stein. Og dette barkekaret står på staden sin den dag i dag.

Så mange detaljar frå så lang tid attende er det sjølvsagt ikkje mogleg å få fram. Men ei soge som tradisjonen enno har bevart må takast med. – Karane hadde vore på Solnørvika, men hadde ikkje fått «bløytt nota». Kapteinen på Solnør rådde sjølvsagt over alle lakserettar i Solnørelva og i elveosen. Og kapteinen var ein streng herre som karane sikkert hadde den største respekt for. Men akkurat denne kvelden visste dei at sjølvefolket på Solnør var ute på reise. Og så fall dei for den fristelsen som truleg også andre har falle for både før og etter dei at dei sette nota ut for elveosen og drog ho inn til Solnørberget. Og så fortel tradisjonen at dei var 10 mann og at det vart 55 laksar og pjakkar på kvar av dei.

Kva tid dette laget vart oppløyst, veit ingen visst i dag. Men truleg vart det slutt før år 1900. Festesetelen på nausttomta gjekk ut i 1892 og ingen ting tyder på at den vart fornya. Og vi har heller funne nolevande folk som hugsar noko av naustet. – Så truleg er det at dette notlaget døydde ut saman med dei menn som dreiv det.

Stette-laget:

Dette laget vart truleg skipa i 1880-åra. Medeigarar var då folk frå Straumen, Stette, Leita og Storhaug. Naustet med båtar og not var ved Stettesjøen. Men det var truleg Ole Halvorsen Strømmen som var den første notbasen for dette laget. Frå Straumen hadde han godt oppsyn med Straumsvågane, medan Stette-karane passa på Stettevika.

Denne første nota var etter den tid ei svært stor not. Truleg ca. 100 famner lang og 8 famner djup. Og det høvde godt på dei breie og rømslege Stettevik-buktene. – Notalur hadde dei både i Straumen og på Leita. Og var det stilt og lagleg ver, kunne dei høyre kvarandre når dei bles i luren. Og når karane høyrde det signalet, var dei ikkje seine om å kome seg til sjøs. Då laut alt anna passe seg

sjølv. Og sprang dei forbi eit hus der det var tvil om dei hadde høyrt noko, banka dei i veggen og ropte at no lyddest notaluren.

Eigartilhøva når det galdt sjølve nota var ved dette bruket ordna slik at kvar partshavar hadde ein «bolk» i nota som han var ansvarleg for. Kvar medeigar stod for sin bolk. Og til den måtte han halde notlin og tauverk og sjå til at alt var i orden til ei kvar tid. – Notavollen var på Stette sin grunn like ovanfor naustet. Og grunneigarane her hadde ei lita godtgjersle for det. Båtane – den vanlege notbåten og spelbåten vart truleg nybygd då laget vart skipa. Men notbåten vart for liten ettersom nota vart gjort større. Og denne båten vart og seinare skifta ut med ein brukt snurpenotbåt.

Stettevika har til alle tider vore ei rik sildevik. Og buktene i botnen av vika er særs laglege for kastenotbruk. Så mykje sild har vorte fangsta her fram gjennom åra. Elles har laget vore med der sild var å finne, anten det var på Solnørvika eller utover mot Ellingsøyfjorden.

Seinare då det vart skipa stornotlag i Straumen og deira grannelag, vart Straumskarane løyst ut frå Steettelaget. Av dei som seinare var basar ved Stettelaget var m.a. Johan Leite, Hans Jonsen Stette (Krissen-Hans) og Johan Olsen Stette (Lunda-Johan).

I 1930-åra vart Stette-nota gjort både lenger og djupare så ho vart ca. 120 famner lang og ca. 12 famner djup. Etter det som har vore fortalt var ho siste gongen i sjøen i 1949. Men etter det vart ho endå en gong forlengd slik at ho no har ei lengd på 160 famner. Og slik har no og vorte hangande utan å få vise kva ho duger til. – Og som lagnaden har vorte med forbod mot sildefiske, og snurpefarty som fullstendig har utkonkurrert den gamle stornota, får ho og truleg henge i fred.

Dei siste eigarane som brukte og hadde noko innkome av dette notbruket var: Peter P. Stette, Sivert Stette, Johan P. Stette, Johan G. Stette, Sverre Ulvestad, Johan O. Stette, Fredrik Stette, Lars J. Leite, Knut Leite, Elias P. Leite, Sverre Svorte, Ole Storhaug, Ole Storhaug og Ole Laurits Steinset.

Straumslaget:

Dette laget vart skipa i 1915. Dei som då gjekk saman var: Karl Johan Innvik, Johan Innvik, Petter K. Digernes, Nils Digernes, Kristoffer Saltkjelsvik, Laurits Salkjelsvik, Petter Sortevik, Ole. H.

Strømmen, Ole O. Strømmen, Karl O. Strømmen, Lars O. Grindvik og Knut O. Grindvik.

Både i Straumen og på Digernes og i Innvik var der før den tid kastenøter. Særleg i Straumen var dei vel van med notbruk. Der dei og hadde søkkjenot som særleg vart brukt etter sei og anna fisk i straumane. Men det ser ikkje ut som det er samanslåing av desse laga som no skjer. Rett nok vert tilfang frå Innvik-nota med i det nye laget. Eit storvore naust i Innvik var det første nytta notanaustet. Og likeins ein storfæring frå Innvik var den første nytta spelbåten. Den første notbåten var ein trerøring som vart kjøpt av Karl D. Honningdal. Og ny not vart kjøpt og montert av karane. – Den første basen for dette nye laget var Ole H. Strømmen. Og dei som var basar seinare fram gjennom dei åra laget var i arbeid, var Karl O. Strømmen og Edvard Grindvik.

Alt i 1917 og 1918 vart det bygt nytt notanaust på Digernes. Og så snart naustet var ferdig, tok båtbyggjar Per Kile det i bruk og bygde ny både notbåt og spelbåt der. – Desse første åra, og fram gjennom 1920-åra var det gode sildeår og laget arbeidde bra. Det var særleg Straumsvågane og Stettevika som var deira virkefelt. Men og Solnørvika og Mørkesetvågane vart vitja. Mot slutten av 1920-åra vart det gjort eit storsteng av mussa på Mørkesetvågen. Dette kastet var omtala av gamlekarane som det silderikaste stenget dei hadde gjort. Men det var vanskar med å få levere, og prisen var dårleg, så mykje av den silda vart slept ut att. – Eit bra år hadde dei på Solnørvika i 1933. Også i 1937 vart det gjort eit stort steng med mussa på Mørkesetvågen. Men det var ikkje råd og verte av med silda så ho blei til slutt slept.

I 1936 var det stemning for å løyse laget opp, og selje bruket. Men eit nytt lag vart skipa, delvis av dei gamle eigarane, og nokre nye kom til. Slik at i det nye laget kom desse til å verte medeigarar: Edvard Grindvik, Karl O. Strømmen, Ole O. Strømmen, Lars Grindvik, Knut Grindvik, Jakob Grindvik, Peder O. Stenseth, Knut Ytreberg, Karl A. Opskar, Opskar, Kristen Sorte, Brusdal og Ole N. Strømmen.

Men også dette laget leid same lagnad som dei andre stornotlaga. Deira tid var forbi. Siste gongen dette laget hadde not i sjøen var truleg i 1939. Og i eit av dei første krigsåra vart båtar og not seld til E. Foss i Spjelkavik. Naustet som var med i same handelen vart rive og flytta.

Utanom desse her nemnde stornotlaga kan det og ha vore fleire

som me ikkje har funne fram til. Såleis veit me at brukarar på Mørkeset og i Høyvik og truleg og på Dyrøya var medeigarar i stornotlag på Ellingsøya. Men detaljar om desse lag har me ikkje funne fram til. Men både før og etter og samstundes med denne Stornottida har det jamt vore fleire mindre kastenotlag som truleg har gjort det bedre reint økonomisk enn stornotlaga. – Og i den nyare tid etter at nylontråden gjorde alt så mykje lettare og enklare, greidde to–tre mann det same som 12 mann før. Og i dei siste åra her enno var sild hadde me folk med tidsmessige nøter i bruk både på Skodje og Stette. Men lite sild og total freding har ført til at også desse nøtene no får ligge i fred på naustloftet.

OSCAR LARSEN A/S

ÅLESUND

Peder Fylling's Stiftelse

Peder Fylling-muséet har fått plass i ein vakker bygning i vakre omgivnader. Her er dei mange verdfulle gjenstandane sikra – også mot brann – i heimleg miljø.

Laurdag den 14. oktober 1978 vart Peder Fylling-museet på Fylling opna. I det høve var styret i Sunnmøre Historielag innbedne til høgtida.

Denne dagen var ein gledesdag for ætta etter Peder Fylling, for no var desse samlingane komne inn i eldsikkert, men trivelig hus, så no kan alle vere ottelaus for desse verdfulle samlingane. Huset hev kosta mykje arbeid, men det er pent og har ein triveleg plass.

Så har Stiftelsen eit grunnfond, og rentene av det kan berre brukast til vedlikehald og drift.

Grunnkapitalen kan ikkje røyvast.

Styret for Sunnmøre Historielag hadde mange gode lovord om dette tiltaket.

Gullsmed Hagen

Alesund

Alt til bygget fra ett sted



O. NØRVE A/S

6000 ALESUND

Byggsenter:
SKATEFLUA
SPJELKAVIK
STRANDA

Arne Birkevold A/S

MANUFAKTUR — DAMEKONFEKSJON

ADR. KONGENSGT. 8 — CENTRAL 23 083

Eik & Hausken

FREMMERHOLEN

Engeset Handel

BENSIN og KIOSK

Bra vareutvalg i nye og trivelige lokaler. Rimelige priser.

Fiskekort til Engesetdals- og Skålsvatnet.

Landhandel

ENGESETDAL

Oscar Rørhuus

Engesetdal — Tlf. Skodje 6029

LASTEPLAN OG VAREKARROSSERIER

MALERARBEID OG GULVBELEGG

utføres av

MALERMESTER

THOR SKODJEREITE

Skodje tlf. 6014 — Ålesund tlf. 25986

Johs. Vadset

Etabl. 1892 — Velassortert landhandel — Tlf. 6002

SKODJE

Distriktslager av kunstgjødsel for Rieber & Sønn A/S

Forhandler av bensin — petroleum etc. fra B. P.

Godsekspedisjon N.S.B. og Linjegods

Berg Transport

LANGTRANSPORT – TIPPVOGNER

Skodje — Tlf. 6249

Fylling Elektromaskin A.s

MOTOR & DYNAMOVERKSTED

Spesialitet:

MOTORVIKLING

6265 VATNE — Tlf.: Vatne 73 — Priv.: Ørskog 6004

Tema Møbler A/s

6260 SKODJE — Tlf. 686

Produksjon av STILMØBLER — SALONGER

KOMPLETTERINGSMØBLER

M.J. Ødegaard

Etablert 1916

ALESUND

Engros
PAPIR-POSER
KORTEVARER
BØLGEPAPP —
POSEFABRIKK

BERGING
SLEP

LEKTER-
TRANSPORT

Brødr. Aarsæther A/S

Ålesund

PETER STETTE & SØNNER A/S
MEK. VERKSTED — STETTEVIK

Reparasjoner — Service

på

Traktor - Truck - Anleggsmaskiner

Stålkonstruksjoner

Tlf.: ØRSKOG (55 000) 5032 - 6264 TENNFJORD

GJENSIDIGE
forsikring

Borg Branntrygdelag

er bygda og distriktet sitt eige trygdelag. Det er skipa i 1860 og virkeområdet femner om: Ålesund, Skodje, Vatne og Giske. I samband med Gjensidige teiknar laget også kombinert trygding på bygningar og lausøyre, og kombinert landbrukstrygding ,dessutan glas-, ansvar, bil, traktor og andre skadetrygdingar.

Forretningskontoret er i Alesund — Kipervikgt. 13

Telefon (071) 23362

DRAPOL profiler og plater i glassfiberarmert polyester og epoxy

kjennetegnes ved:

- **stor styrke**
- **lav vekt**
- **god isolasjonsevne**
- **god korrosjonsbestandighet**

Profilene produseres enten som standardprofiler eller som spesialprofiler med tildels kompliserte tverrsnitt.
Vi leverer også konstruksjonsdetaljer og sammenbygde elementer basert på Drapol profiler og plater. Endel av de mest aktuelle standardprofiler lagerføres. Vi står gjerne til disposisjon dersom De skulle trenge vårt råd.

Plastkonstruksjoner A.s

6260 Skodje — Tlf. (071) 55000-6110

Vi produserer gardinbrett og lister

m! ass. mønstre — beiset og trekvite i forskjellige utføredser

Rosetter og deler til stilmøbler
Ornamenterte lister for møbel-industrien

Engesetdal Trevareindustri

6260 SKODJE

6100 Skodje

Ola Strømmen
SKODJE

DROSJE — AMBULANSE — MOBILTELEFON
Tlf. Skodje 6103

Markiser-persienner
Mormorstenger-rullgardiner
Skinner - Gardinbrett
Dessuten:
Senger-sengetøy-dyner
Møbler og Utstyr
6260 Skodje tlf. 6109

Stedet for:
BØKER – KONTORARTIKLER
SKRIVESAKER – MUSIKK – FOTO
JOHS. HAVNEVIK A·S
I Skansen

KJØP TRYGT: KVALITET - SERVICE
Brattvåg Elektro a/s
BRATTVÅG – SKODJE
SERVICERINGEN
kjeden av ledende spesialforretninger

ALF VALDE

SAGBRUK — HØVLERI — TREMATERIALER

BYGNINGSARTIKLER

Skodje — Tlf. 6015

KUNSTGJØDSEL — KRAFTFOR —
FRØ — SAKORN
LANDBRUKSMASKINAR
TRAKTORAR — SPRØYTEMIDDEL
LANDBRUKSREIDSKAP

Møre Felleskjøp

Sentralbord (071) 25940 - Alesund - Kornsilo og mylne.
Verksted Ratviksvingen — Tlf. (071)44035



TRELASTFORRETNING

Bernt E. Fylling A.s

6260 SKODJE

Telefon 6232 — Skodje

MØBELVAREHUSET

SKODJE FABRIKKER A.S

MØBLER MØBLER



VELKOMMEN

Nordvestlandets største møbelutstilling

SKODJE
FABRIKKER A·S

KOPPERNÆS
Ålesund

HUSK
våre holdbare dessertpuddinger

Sjokolade
Karamell
Mandel
Vanilje
Vaniljesaus

Helt ferdig til servering
Føres i alle dagligvareforretninger

A/L Sunnmøre Meieri
Ålesund — Hellesylt — Ørsta

Skodje Samyrkelag

med sine tre nærbutikker, er bygdefolkets egen virksomhet. Alle kan bli medlem og alle har medbestemmelsesrett. Du støtter din egen — og bygdesamfunnets sak, ved å handle i din egen butikk.

TREVARE A/S

Produksjon av DØRER og VINDUER
Spesialitet:
STJERNEVINDUET
SVORTA — Tlf.6240 SJØHOLT

Veganlegg — Fjellsprenging
Planering — Grunnarbeid

Egil Strømmen Maskinstasjon
Skodje — Ring tlf. 6334

Græsdal Speil & Glass A.s

Parkgata 10

Gled barna med kvalitetsleker
Da varer gleden lenger
Velkommen på

LEKELOFTET
hos
Jenny Hatlehol
i Skansen v/Hotell Noreg, Alesund

Karl Grindvik

PELSDYROPPDRETT

Skodje

brødr. giske as

6260 SKODJE

Delproduksjon

Engesetdal

Vadset-Møbler A/s

Delproduksjon for møbelindustrien

Skodje — Tlf. 6200 - 6201

Skodje Manufaktur A/S

6260 Skodje

Ass. manufaktur

Tlf. 16410

I&M/FORENEDE RAU

NÆRBANK FOR HEILE FAMILIEN

Sunnmørsbanken

Borgund Sparebank

sammensluttet av Borgund Sparebank og
Skodje og Vatne Sparebank

HOVUDKONTOR:
Keiser Wilh.gt. 29, Ålesund

FILIALAR:
Gåseid (Nørvasund)
Langevåg
Spjelkavik
Åsestranda (Åse)
Giske
Godøy
Valderøy
Syvikgrend

AVDELINGSKONTOR:
Skodje og Vatne Sparebank
Skodje
Vatne

2 bankbussar med til saman
25 ekspedisjonsstopp i Ålesund, Haram og
Ørskog kommunar

BORGUNDBANKEN — ALLTID FOR HAND